

Masteroppgåve

Brautande skrytepavar eller redningsmenn for bygdene?

Undersøking av remigrantar til Førde sokn i
perioden 1910-1924

Jonill Storøy

Studie: Kulturmøte 2019



HØGSKULEN
I VOLDA

Takk!

Takk til rettleiaren min Arnfinn Kjelland for stort tålmod og svært god hjelp gjennom dette vinglete arbeidet som starta med at eg lurte på kven som kom til Norge med Amerikabåtane. Det synt seg at det er det ingen som veit, men likevel fanst det mange spennande emne ein kan forske på innan remigrasjon.

Takk til Toril og Per-Christian for hjelp med access og excel, takk til Toril og Lothen som har høyrte på mine utredningar og har stilt fornuftige spørsmål og takk til Liv Bugge for korrekturlesing heilt på tampen.

Innhold:

1	Innleiing.....	4
1.1	Problemstilling	4
1.2	Tidlegare forskning	5
1.2.1	Standal, 1985	6
1.2.2	Kjelland, 2018	7
1.2.3	Persson, 2007	7
1.2.4	Wyman, 2010	8
1.2.5	Modalsli, 2011.....	9
1.3	Teoriar	10
1.4	Kjelder.....	11
1.4.1	Folketeljinga for 1910	12
1.4.2	Kyrkjebøker.....	12
1.4.3	Bygdebøker	13
1.4.4	Matrikkelen for Sønd- og Nordfjord fogderi 1886.....	15
1.4.5	Emigrantlister	15
1.4.6	Område	16
1.4.7	Tidsperiode.....	16
1.4.8	Personar	17
1.5	Metode.....	17
1.5.1	Hovudpersonane.....	18
1.5.2	Kontrollgruppa	20
1.5.3	Fadderskap og sosial mobilitet.....	22
1.6	Kultur møte	24
1.7	Førde.....	25
2	Fadderskap	29
2.1	Hovudpersonane.....	31
2.1.1	Hovudpersonane som fadrar.....	31
2.1.2	Hovudpersonane sine fadderval	32
2.2	Søsken	36
2.2.1	Søskena som fadrar	36
2.2.2	Søskena sine valde fadrar	38
2.3	Forlovarar	39
2.4	Oppsummering	40
3	Sosial mobilitet.....	41
3.1	Oppvekstgard - vaksengard.....	42
3.2	Skattemetoden (søskenfaktor).....	46
3.2.1	Verdi på garden	47
3.2.2	Odel og åsete	49
3.2.3	Kvinner.....	52
3.2.4	Andre faktorar	53
3.2.5	Sosial mobilitet.....	53
3.3	Lån.....	55
3.4	Oppsummering	58
4	Anna informasjon i kjeldene	58
4.1	Mål	58

4.2	Reiste barna?	60
4.3	Anna informasjon	61
4.3.1	Politiske verv	61
4.3.2	Dyreskue.....	61
4.3.3	I avisa	61
5	Konklusjonar	63
6	Litteratur og kjelder	65
6.1	Trykte kjelder	65
6.1.1	Bøker	65
6.1.2	Artiklar	66
6.1.3	Avisartiklar.....	67
6.1.4	Andre publikasjonar	67
6.2	Trykte kjelder	67
6.3	Ikkje trykte kjelder	68

Tabellar

Tabell 1	Hovudpersonane	20
Tabell 2	Kva skjedde med søskena	21
Tabell 3	Søsken	22
Tabell 4	Hovudpersonane som fadrar	31
Tabell 5	Hovudpersonane fadder/yrke	32
Tabell 6	Hovudpersonane som fadrar	33
Tabell 7	Hovudpersonane – valte fadrar	34
Tabell 8	Hovudpersonane – var fadder for kvarandre	36
Tabell 9	Søsken som fadrar	37
Tabell 10	Søsken fadder/yrke	38
Tabell 11	Søsken – valte fadrar	38
Tabell 12	Søsken – var fadder for kvarandre	39
Tabell 13	HP – oppvekstgard og vaksengard	42
Tabell 14	Søsken – oppvekstgard og vaksengard	45
Tabell 15	Endring HP og søsken	46
Tabell 16	HP – nr. i søskenflokk/odel	51
Tabell 17	Søsken – nr. i søskenflokk/odel	51
Tabell 18	HP – sosial mobilitet	53
Tabell 19	Søsken – sosial mobilitet	55
Tabell 20	Hovudpersonar – lån	56
Tabell 21	Søsken – lån	57
Tabell 22	HP – yrke i Amerika og heime	59
Tabell 23	HP – emigrerte barna?	60

Figurar

Figur 1	Registrering av fadrar	23
Figur 2	Registrering av forlovarar	24
Figur 3	Kart over Førde med hovudpersonar	26
Figur 4	Bilete frå Førde	27

1 Innleiing

1.1 Problemstilling

I hundreårsperioden frå 1825 til 1925 utvandra over åtte hundre tusen nordmenn til Amerika. I starten var reisa lang og farleg, og dei fleste som reiste tidleg på 1800-talet hadde nok lite håp om å komme heim igjen. I 1856 reiste nesten alle emigrantane over med seglbåt, under tjue år seinare, i 1873, reiste nesten alle med dampbåt. Kortare reisetid og billegare billettar gjorde at det ikkje berre blei enklare å reise til Amerika, det blei også enklare å reise heim. Om lag ein fjerdedel av dei som reiste etter 1880 kom tilbake til Norge.¹ Det vil seie at nesten 140 000 personar kom heim etter å ha vore kort eller lang tid i Amerika. Frå Sogn og Fjordane reiste det 23 000 personar i perioden frå 1876 til 1915, altså kom nesten seks tusen personar heim til Sogn og Fjordane. Med seg hadde dei opplevingar av ein annan kultur, eit anna språk og eit anna liv.

Vi har høyrte om Amerikabrev som gjorde stort inntrykk på folk i Norge, og om pengar sendt frå Amerika som var til god hjelp for dei som var heime, men kva med dei som kom attende? Blei livet deira annleis enn før dei reiste? Påverka dei samfunnet dei kom attende til? I artikkelen Return migration – old story, new story seier Wyman at dei som kom heim hadde stor positiv innverknad på lokalsamfunnet. Han seier at remigrantane var ein stor medverkande faktor til at dei skandinaviske landa klarte seg så bra utover på 1900-talet.²

I 1915 skreiv Utvandringskomiteen fylgjande:

«De hjemvendte amerikanere sætter sit præg paa de hele, bygdene er ikke til at kjende igjen. Gaardene er ikke saa beheftet som før; man bor bedre, spiser bedre, klær sig bedre, selve befolkningen blir av disse grunde bedre. Alle som kommer fra Amerika begynder at drive jorden bedre end den blev drevet før; de lægger et mere intensivt arbejde paa jorden omkring gaarden... Veksebruk indføres, maskiner anskaffes, gaardenes bygninger, ..., forbedres, det drives et mere rationelt fjøstel, og der anlægges haver.»³

Ingrid Semmingsen seier norsk-amerikanarane blei oppfatta som velståande, brautande skryteparar, men distrikslegane skraut av dei norsk-amerikanske kvinnene som lærte norske

¹ Wyman, side 12

² Wyman, side 2

³ Utvandringskomiteen, side 3

kvinner å bli meir reinslege. Mange kunne også fortelje at remigrantane innførte nye ting i landbruket, blant anna grøfting av myrer⁴.

Oppgåva skal handle om seksten personar i Førde som hadde vore i Amerika og kom heim igjen for å bli (sjå tabell 1, side 20), og kontrollgruppa, som er søskena deira (tabell 3, side 22).

1. Fekk remigrantane eit nytt nettverk når dei kom heim som skilte seg frå søskena sitt?
2. Ragnar Standal undersøkte dei gamle sunnmørskommunane Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta og fant blant anna ut at Amerikafararane var populære som fadrar.⁵ Kan vi sjå det same i Førde? Var remigrantane meir populære som fadrar enn søskena som var bufaste i bygda?
3. Fekk remigrantane ein positiv sosial mobilitet? Tok dei med seg pengar og kunnskap heim frå Amerika som gjorde at dei klarte seg betre enn søskena sine? I folketeljinga i 1910 blei alle spurt om dei hadde vore i Amerika, men ikkje alle opplyste om det likevel. Gjekk det dårlegare med dei som ikkje sa dei var remigrantar enn dei andre?
4. Standal konkluderer med at dei heimvende måtte ha stor innverknad på bygdene, og særleg jordbruket, men han seier at «å peike på direkte framsteg eller resultat som skriv seg frå gjeninnvandra personar, krev ei meir systematisk gransking»⁶ I denne oppgåva vil eg gjere ei systematisk gransking av nokon av dei som kom attende til Førde sokn for å sjå kva spor dei sette etter seg.

1.2 Tidlegare forskning

Det har vore forska mykje på emigrasjonen frå Norge til Amerika, men mindre på dei som kom attende. Ragnar Standal og Arnfinn Kjelland har forska på remigrantane i nokre kommunar i Norge, Magnus Persson har undersøkt remigrasjon til Bjärehalvøya i Sverige og Mark Wyman har skrive om tilbakemigrasjonen til Europa. Jørgen Modalsli har skrive ein artikkel for Statistisk sentralbyrå som omhandlar intergenerasjonsmobilitet i Norge frå 1800-talet til i dag. Den tek ikkje spesifikt for seg remigrantar, men er likevel interessant fordi den syner kva som foregjekk i samfunnet.

⁴ Semmingsen 1978, side 165

⁵ Standal, side 21

⁶ Standal, side 226.

Desse fem forfattarane har fokusert på ulike aspekt ved reemigrasjon og sosial mobilitet, og i denne oppgåva vil eg nytte meg av metodane deira for å undersøke seksten personar som kom attende til Førde.

1.2.1 *Standal, 1985*

Som tittelen avslører handler denne boka hovudsakleg om utvandringa frå dei tre gamle Sunnmørskommunane Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta⁷. Standal har brukt dei same skriftlege kjeldene som eg har brukt i denne oppgåva; emigrantprotokollar, kyrkjebøker, folketeljingar, pantebøker og bygdebøker. Han hadde også tilgang til ei anna kjelde som ikkje finst lenger; folk som hugsa tilbake til tidleg på 1900-talet. Han tek grundig for seg korleis dei tre bygdene var, kven emigrantane var og kor dei reiste hen. Han har også eit eige kapittel om dei som kom attende. Han slår fast at både folketeljingane og kyrkjebøkene er ufullstendige når ein skal finne dei heimvende. Han meiner sjølv han har funne dei fleste som kom heim gjennom bygdebøker, intervju og korrespondanse. Standal skriv at å finne ut om nokon kom heim, gjekk greitt, men å tidfeste akkurat kor tid dei kom heim var verre. Hendingar i familien, overtaking av gardar og militære dokument kan vere ein god peikepinn, men årstala kan vere eit år eller to feil.

12,5% av dei som utvandra frå dei tre kommunane var komne heim før 1916. Innan 1950 var 24% av dei som reiste frå Sykkylven komne heim, og i 1960 var talet i Herøy omtrent det same.⁸ Fleire menn enn kvinner kom heim, og fleire av emigrantane som reiste seint kom heim enn dei som reiste tidleg. Han fant også at det var minst tilbakevandring til kommunen med størst utvandring, Hjørundfjord. Dette set han i samband med at næringsgrunnlaget i kommunen var lite.⁹ Dei fattigaste emigrantane¹⁰ gjeninnvandra i mindre grad enn andre. Standal meiner dette var fordi dei visste kva dei i så fall gjekk til, medan folk litt høgare på den sosiale rangstigen kunne ha eit håp om å skaffe seg eit betre liv enn det dei reiste frå.

Han har sett opp tabellar over kor lenge emigrantane var borte før dei kom heim, og han har prøvd å finne svar på kvifor dei kom heim. Den vanlegaste tida i Amerika for dei som kom heim var 3-4 år.¹¹Ein tabell over yrka emigrantane hadde før dei reiste og etter at dei kom

⁷ I dag er alle dei tre samla i ein kommune, Ørsta.

⁸ Standal, side 213

⁹ Standal, side 213.

¹⁰ Plassmenn, strandsitjarar og innerstar.

¹¹ Standal, side 218

heim, syner at veldig mange var arbeidarar og tenarar før dei reiste, men når dei kom heim gjekk dei over til andre yrke, hovudsakleg som gardbrukar. Dei fleste som vende heim hadde vore arbeidarar i Amerika.¹² Av årsaker til at dei kom heim nemner han sjukdom (ofte tuberkulose) som gjorde at dei døde kort tid etter heimkomst. Dårlege tider i Amerika gjorde at fleire kom heim. Andre grunnar kunne vere at dei skulle ta over ein gard eller at dei hadde kone og barn heime. Dei munnlege kjeldene til Standal nemnte at mange reiste for å legge seg opp pengar til å kjøpe ein gard.

Han nemner at norsk-amerikanarane var populære som fadrar og som forlovarar i bryllaup,¹³ men viser ikkje til nokon tal her.

Standal sjekka sine lister av remigrantar mot folketeljinga i 1910, og fant at teljinga er svært mangelfull. Standal hadde rundt førti personar som hadde returnert til Ørsta, men i folketeljinga var det berre 18.¹⁴

1.2.2 Kjelland, 2018

I denne artikkelen brukar forfattaren bygdebøker for å studere remigrasjonen frå Amerika. Målet er å finne ut om bygdebøkene kan nyttast til å finne, og identifisere remigrantane og samstundes samanlikne med informasjonen som finst i 1910-teljinga for å sjå om statistikken er til å stole på. Kjelland si analyse gjeld to fjellbygder som er omtrent reine jordbruksbygder, så dei er ikkje særleg eigna til å samanlikne med Førde. Han har gjort ei vurdering av bygdebøkene som kjelde, og skriv at sjølv om bygdebøkene normalt er ganske etterrettelege, bør dei hovudsakleg nyttast som sekundære kjelder.

1.2.3 Persson, 2007

Magnus Persson tek for seg remigrantar til Bjäre-halvøya i Skåne i Sverige. Tidlegare forskning har konkludert med at svenske remigrantar ikkje var spesielt suksessfulle samanlikna med dei bufaste. Persson tek for seg denne forskinga og kritiserer metodane som har vore brukte. Med tidlegare metodar vil ein ikkje finne endringar i status sjølv i høve der ein veit det har vore det. Hovudårsakene til dette er at ein først og fremst har nytta yrkestittel for å slå fast om det har vore endringar. I tillegg har kjeldene for yrkestitlar vore dårlege. I følgje Persson

¹² Standal, side 221

¹³ Standal, side 211.

¹⁴ Standal, side 216

blei metoden noko betre når yrkestilane blei revidert, og den kan nyttast i heterogene samfunn, men ikkje i samfunn der dei fleste er bønder.

For å måle sosial mobilitet blant bønder utvikla han sin eigen metode som han kallar skattemetoden. Eg kjem attende til denne i kapittel 3.

Han skriv at folketalet på Bjärehalvøya vaks voldsomt på 1800-talet slik det gjorde i heile Sverige. Mange barn av sjølveigarar sank sosialt fordi det ikkje fantes gardar dei kunne ta over. Han seier at det pågjekk ein proletariseringssprosess og at tilbakemigrasjonen er ein viktig faktor i å stoppe denne prosessen. På slutten av 1800-talet endra situasjonen seg. Då var det så mange heile søskenflokkar som hadde emigrert at mange gardar gjekk på den opne marknaden fordi det ikkje lenger var nokon i nær familie som kunne ta over.

I følgje Persson må ein følgje remigrantane i fleire år før ein kan slå fast korleis den sosiale mobiliteten endar opp, det er også viktig å samanlikne med ikkje-emigrantar for å utelukke samfunnsendringar som kan påverke resultatet av undersøkingane.

Persson sine undersøkingar synte at mange remigrantar hadde ein positiv sosial mobilitet. Som gruppe var dei «*for the most part an economically successful group of people*».¹⁵ I kontrollgruppa var resultatet mykje dårlegare, berre nokre få oppnådde same status som remigrantane. Han konkluderer med at den sosiale mobiliteten til remigrantane i Sverige var den same som i andre land, og ikkje-emigrantar hadde mykje vanskelegare for å oppnå same sosiale mobilitet som remigrantane.

Persson hadde ein fordel i sine undersøkingar, og det er at kjeldegrunlaget i Sverige er mykje betre enn i Norge. I mange år gjekk prestane rundt ein gong i året og hadde «husforhørslängdene» på alle gardane i området sitt. Då sjekka presten kva folket kunne om Gud og Jesus, og han noterte ned kva som hadde skjedd på garden siste året.¹⁶

1.2.4 Wyman, 2010

Mark Wyman si bok tek for seg remigrasjonen til Europa 1880-1930, og med eit så stort tema blir det mange generaliseringar, men han tek også for seg ulike land spesielt. Wyman skil mellom den gamle emigrasjonen frå nord- og vest-Europa og den nye emigrasjonen frå sør-Europa. Den nye emigrasjonen bar preg av å vere arbeidsvandringar. Italianarane reiste over

¹⁵ Persson 2007 side 149

¹⁶ Riksarkivet, Sverige.

om våren og attende om hausten. «With dreams of dollars in their heads, and their womenfolk safely back in the Old Country, the immigrants moved into American industry.»¹⁷

Emigrantane som reiste til Amerika for å tene raske pengar som dei skulle ta med heim, brukte lite ressursar på å bli integrerte i det amerikanske samfunnet. Dei lærte ikkje språket eller engasjerte seg i samfunnslivet. Ei undersøking i Italia synte at emigrantane ikkje tok med seg særleg mange nyvinningar attende til jordbruket der. Wyman nemner at i Norge meinte folk at remigrantane kjøpte fleire landbruksmaskiner enn andre.

Dei som reiste over for å tene pengar raskt, fant seg ikkje arbeid i jordbruket, men heller i industri og anna arbeid som ga utbytte raskt. Kvinnene som emigrerte fekk seg ofte arbeid som tenarar eller i andre serviceyrke. Der fekk dei kontakt med amerikanarane og vart fortare integrerte i samfunnet. Dette kan vere ein grunn til at færre kvinner enn menn reemigrerte.

Wyman seier at mange remigrantar gjekk inn i politikken og nokon kom heim og starta fråhaldsorganisasjonar og nye kyrkjesamfunn. Dei tok også med seg lærdom om arbeidarane sine rettar og andre skikkar når det gjaldt klede, ord og mat. Norske remigrantar blei kjende for å ha reine hus og fjøs, og dei meinte nordmennene hadde dårleg hygiene når dei laga mat. I ei spørjeundersøking frå 1913 var dei fleste samde om at norsk-amerikanarane hadde gode arbeidsvaner og var opne for nye idear.

I perioden mellom 1897 og 1941 blei 25% av eigedommane i Sverige kjøpt av remigrantar med pengar tent i Amerika.

1.2.5 Modalsli, 2011

Artikkelen til Modalsli handlar ikkje direkte om remigrantar, men generelt om intergenerasjonsmobilitet i Norge i perioden 1865 til 2011. Han har lenka saman over åtte hundre tusen far-son par og studert korleis den sosiale mobiliteten utvikla seg. Konklusjonen hans er at det har vore «*en vesentlig økning i intergenerasjonell yrkesmobilitet i Norge mellom 1865 og 2011; økningen er tydeligst for ikkebønder.*»¹⁸ Det vil seie at ein stigning i den sosiale mobiliteten også er ein dragning i tida. Modalsli har også studert den sosiale mobiliteten i område med stor og liten utvandring. Han skriv at det er litt lågare mobilitet i område med stor utvandring i perioden 1865-1900 og omvendt i neste periode.

¹⁷ Wyman, side 57.

¹⁸ Modalsli, side 3

Gardbrukarmobiliteten er alltid høgare i lav-emigrasjonsområda.¹⁹ Sidan dei fleste tilbakevandra til staden dei reiste frå, vil det vere naturleg at område med høg utvandring også har høg tilbakevandring. Ut frå påstanden til Modalsli kan vi då tolke det dit hen at område med få tilbakevandrarar har høgare gardbrukarmobilitet enn område med mange tilbakevandrarar. Dette er ein interessant observasjon som eg ikkje går nærare inn på her.

1.3 Teoriar

Migrasjon er eit samspel mellom makro- og mikrostrukturar. Døme på makrostruktur er politikk, økonomiske tilhøve og grensekontrollar. Mikrostruktur er til dømes vaner, tradisjonar og familieband. Desse nivåa er bunde saman av mekanismar – mesostrukturar.²⁰

Kvar person som emigrerer og remigrerer har sine eigne grunnar for det. Den ytre årsaka kan vere at han vil reise til Amerika og tene pengar til å kjøpe seg ein gard. Det var likevel ikkje alle som tenkte denne tanken som gjorde det. Dei måtte ha moglegheita til å reise, både ved at dei kunne/ville forlate familien sin, og dei måtte ha trua på at dei kunne klare det. Når dei først var reiste, var det mange ulike omstende som gjorde at dei etter ei stund valde å bli i Amerika eller reise heim. Vi ser at når det er økonomiske nedgangstider i Amerika, er det mange fleire som reiser heim enn i gode år. Det kan verke logisk å reise heim, men det kravde at dei hadde pengar til billetten heim og mot til å gjere det. Mark Wyman anslår at ein fjerdedel av dei som emigrerte kom attende for å bli.²¹ Han nemner fem hovudgrunnar for kvifor dei kom heim:²²

- Dei hadde gjort det bra i Amerika. Mange av dei som reiste over, særleg på 1900-talet, hadde truleg ikkje tenkt å bli for godt. Målet var å tene pengar, og så komme heim igjen.
- Dei gjorde det dårleg i Amerika. Hardt arbeid og nedgangstider kunne vere ei årsak, sjukdommar og ulykker ei anna. Nr. 18, Eirik Grimeland, er eit døme på dette. Han var skytebas i Amerika, men etter at han var utsett for tre alvorlege ulykker i arbeidet, fekk han nok, og reiste heim.

¹⁹ Modalsli, side 31

²⁰ Castles og Miller, side 24/25

²¹ Wyman, side 3

²² Wyman, side 4

- Heimplengsel.
- Familien heime trengte dei. Eg har sett døme i bygdeboka på familiar der alle barna emigrerer, og til slutt kjem ein av dei som reiste først heim for å overta garden når faren dør.
- Amerika var ikkje slik dei trudde.

Eit problem med å forske på dei som kom tilbake frå Amerika, er at det ikkje finst talmateriale som syner kor mange som kom igjen og når dei kom heim. Det finst grove anslag, men ingen veit sikkert. Først i folketeljinga for 1910 blei folk spurt om dei hadde vore i Amerika, noko som var altfor seint i høve til å registrere alle, då nokon allereie kunne vere døde. Som vi skal sjå var det heller ikkje alle som sa at dei hadde vore i Amerika i folketeljinga, så for stadar der ein har sjekka folketeljinga opp mot andre kjelder, har ein funne ei stor underrapportering.²³

Eg vil ta for meg andre teoriar i samband med drøftingane.

1.4 Kjelder

I 1923 blei det innført ei namnelov i Norge som sa at alle skal ha eit slektsnamn som skal ha ein skrivemåte.²⁴ Tidlegare fekk ein eit førenamn og eit patronym, altså faren sitt namn etterfulgt av -sen/son eller dotter. Gardsnamnet var meir å rekne som ei adresse, og når folk flytta frå ein gard til ein annan, begynte dei å bruke namnet til den nye garden. Når ein i tillegg ikkje var så nøye med fødselsår og ikkje hadde noko stort repertoar av førenamn, kan det til tider vere vanskeleg å vere heilt sikker på at personane ein leitar etter er dei same. Heldigvis fins det vanlegvis andre ting som kan sjekkast. I bygdeboka står det ofte kven dei gifta seg seg med der personane er oppførde saman med foreldra. Dersom ein lurar på om det er same personen i folketeljinga, kan ein sjekke namnet på kona. Det var også heller sjeldan at folk flytta til gardar der dei ikkje hadde nokon tilknytning, enten gjennom giftemål eller slekt, så ved å sjekke bakgrunnen til personar det var tvil om, føler eg meg trygg på at eg har funne rette personane. Einaste plassen dette ikkje stemmer så godt, er for Skei og Førde prestegard, altså Førde sentrum. Dei som kom utanfrå busette seg gjerne her, og her kunne det godt vere personar som busette seg utan nokon tilknytning til staden.

²³ Standal og Kjelland, 2018.

²⁴ Lokalhistoriewiki/Navneloven besøkt 11.03.2019

Eit døme på at dei brukte mange forskjellige etternamn er Johan Kristian Eliassen Erdal/Klopstad/Kirketeig/Kirkebø (nr. 34). Han var sjølv fødd i Erdalen, faren var fødd på Klopstad og han flytta til Kirketeig (Kirkebø) som vaksen. Når bygdeboka plasserer han på Kirketeig står det Johan Klopstad.²⁵ For å skilje han frå den andre Johan Klopstad (nr. 43) som var fødd på Fossen og flytta til Klopstad, brukar eg etternamnet Kirketeig på han.

1.4.1 Folketeljninga for 1910

I folketeljninga i 1910 var første gongen det blei registrert heimvende norskamerikanarar. Dei blei bedt om å oppgje kor dei budde før dei reiste, kor dei budde og kva dei arbeidde med i Amerika og kor tid dei reiste og kom tilbake.²⁶ Tidlegare undersøkingar²⁷ syner at rapporteringa var mangelfull. Det var mange som ikkje oppga at dei var remigrantar i folketeljninga. Eg fann seks eller sju personar²⁸ i Førde sokn som hadde vore i Amerika, men som ikkje opplyste om det i folketeljninga.

Folketeljninga for 1910 har med færre grender enn bygdeboka som er laga etter at desse grendene gjekk over frå Naustdal til Førde kommune i 1964. Det betyr at om ein brukar bygdeboka som grunnlag for å telje heimvende emigrantar, finn ein ni personar som hadde vore i Amerika og som var heime i 1910, men som ikkje hadde opplyst det i teljinga for Naustdal kommune. I tillegg er det ein person som står antatt opphald Amerika.

1.4.2 Kyrkjebøker

Klokkar- og ministerialbøkene inneheld fylgjande opplysningar om alle barn som er døypte: Fødsels- og dåpsdato, barnet sitt namn, foreldra sine namn, yrke, fødselsdatoar og bustad. Det blir også opplyst om barnet døde før dåp, stadfesting av heimedåp, om barnet er ekte og eventuelle merknader. Fadrane er berre nemnt med yrke/stilling og namn. Ministerialbøkene er førte av presten og klokkarbøkene av klokkaren. Ministerialbøkene skal oppbevarast av kyrkja i åtti år etter siste innføring, medan klokkarbøkene skal leverast inn straks dei er utskrivne. Ministerialbøkene for Førde sokn går berre fram til 1920, så difor brukte eg klokkarbøkene for å finne fadrane.

²⁵ Førstund 1992, side 443.

²⁶ Lokallhistoriewiki/Folketellingen 1910 besøkt 11.03.2019

²⁷ Utvandringsstatistikk, side 4

²⁸ Sjå under avsnittet om bygdeboka om Elias og Oline.

Døypte i klokkearbøkene for Førde sokn i denne perioden var ikkje søkbare, så for å kunne handtere dei store datamengdene har eg skrive innhaldet i klokkearboka inn i eit excel-dokument.

Det kan vere ei feilkjelde at fadrane er ramsa opp på ganske liten plass i boka, slik at det blir vanskeleg å tyde kva som står der. I tilfelle der eg ikkje har klart å finne ut kva det kan vere, har eg berre skrive spørsmålsteikn, eller skrive spørsmålsteikn før eller etter det som eg har klart å tyde. Til dømes ?stad. Dette tyder at det kan vere underrapportering dersom eg ikkje har klart å tyde namna i klokkearboka. Eg trur ikkje problemet er stort for dei vanlege Førdenamna, fordi eg normalt vil forstå kva det skal vere, men større for ukjente namn. Motsett kan det også vere ei feilkjelde at eg har tolka namn ut frå forventningar til kva det skal vere, og ikkje kva som faktisk står der.

Eg har brukt Klokkebok nr. A 3 for Førde sokneprestembete, 1899 –1924. I 1920 endrar handskrifta seg, og også korleis fadrane blir ført inn i boka. For første gong blir mønsteret med fem fadrar, tre menn først og så to kvinner, brote i nokon grad. Nedst på side 85 er rekkefølga på fadrane kone, lærarinne, tenestejente, lærar og elev (gut). På dei neste sidene er det fleire døme på dette, og på side 90 er det ført opp to piker først, så to arbeidarar og til slutt ein gardmand. Det ser rett og slett ut som rekkefølga på fadrane er meir tilfeldig, og ikkje lenger etter rang. Kanskje er det berre personen som skreiv klokkearboka i denne perioden som gjorde det sånn? Kongeleg resolusjon av 1877 som med mindre justeringar også gjaldt i 1920²⁹, la ingen føringar for korleis fadrane skulle førast i kyrkjeboka.

I perioden som eg har registrert fadrar var det to prestar i Førde; Jonas Rein Landmark frå 1901 til 1917 og Brigt Hope, som var prest frå 1918 til 1940. Det ser altså ut som endringane i måten fadrane blei ført inn på ikkje hadde noko med presten å gjere.

Klokkearbøkene med oversikt over døde er søkbare for Førde sokn fram til 1941.

1.4.3 Bygdebøker

Nesten alle kommunar i Norge har gitt ut bygdebøker. Bøkene er organisert slik at dei viser ei kronologisk oversikt over kven som budde på dei ulike gardane/bustadane. Ein kan finne opplysingar om kor tid folk blei fødde, gifta seg og når dei døde. Det står også referansar til kor dei budde før eller flytta til seinare. Dataane er samla inn frå ulike kjelder, alt frå kyrkjebøker og folketeljingar til spørjeskjema sendt ut til alle i kommunen.

²⁹ Arkivverket. Kirkebokføring 2018.

Informasjonen i bygdebøkene er rimeleg komplett for dei bufaste, men meir mangelfull for migrantar. Kjelland seier bøkene for det meste berre bør brukast som «secondary» kjelder, men at dei normalt er ganske etterrettelege, særleg fordi lesarane vil melde frå om eventuelle feil.³⁰ For enkelte ting, som til dømes flyttingar i nyare tid, vil bygdebøkene vere primærkjelder, for det er ingen andre stadar ein kan finne det.

Alle emigrantane som kom attende og som foretok handlingar som blir registrerte i bygdebøkene³¹, vil normalt dukke opp i bøkene, men det vil krevje mykje arbeid å lage statistikkar, sidan all informasjon må finnast manuelt. Kjelland seier at ved å samanlikne bustad ved utreise og kor dei hamna når dei kom heim, kan ein seie noko om sosial mobilitet.³²

Bygdeboka for Førde kommune er i to band, første bandet kom i 1990 og andre i 1992. Finn B. Før Sund var redaktør for begge bøkene som er utgitt av Førde kommune. Alle persondata blei lagt inn i dataprogrammet *Ættesoge*, som var nytt på den tida.³³

Bygdeboka er inndelt etter gardane, og har først historie om kvar einskild matrikelgard og deretter kjem soga om folka som har budd på garden. Band to inneheld også eit kapittel som heiter “Soga om tettstaden Førde”. Her har Før Sund teke for seg handelsverksemd og levkår i Førde i tidlegare tider.

Finn Borgen Før Sund skriv i føreordet til band to “..er ein del av desse personalopplysningane skrive ned etter folks minne med dei mogelege feil som heftar ved det.”³⁴ Personopplysningar etter 1900 i bygdeboka for Førde er henta frå innbyggjarane. Dette kan vere ei feilkjelde sidan folk sjølvsagt vil ha større eller mindre interesse og kunnskapar om slekta si. Eg la mellom anna merke til at fleire barn som blei døypte ikkje er skrivne inn i bygdeboka³⁵. Truleg har dei døydd tidleg, og blitt gløymde når historia skulle skrivast.

Eg har elles ikkje funne mange feil i bygdeboka. Fødselsår og skrivemåte, særleg på førenamn, varierer voldsomt frå bygdeboka til folketeljinga og andre lister, og kan gjere det

³⁰ Kjelland 2018, side 5

³¹ Giftemål, få barn, busette seg på ein gard el.

³² Kjelland, 2018, side 5.

³³ Før Sund, 1990, side 4

³⁴ Før Sund, band 2, side 6

³⁵ Sjå kapittel 2.1

vanskeleg å finne folk. Bygdeboka har med 82 av dei 85 personane som eg fant hadde vore i Amerika.

Det er nokså vanleg at ein person er oppført først saman med mor og far sin og deretter med sin eigen familie. Enkelte opplysningar står gjerne berre eine staden, og i nokon tilfelle kan det vere vanskeleg å finne personane igjen. For nokre få av gardane er det laga eit tilvisingssystem som gjer det enklare å følge personane frå den eine garden til den andre. Systemet blei diverre for tidkrevjande å gjennomføre for heile bygdeboka.³⁶

Enkelte gonger kan det vere litt vanskeleg å tolke det som står i bygdeboka, til dømes om Elias og Oline³⁷: “*Elias Martinus f. 1836, vigd 1965 på Klopstad med Oline Larsdotter Fossen, utfl. 1884 til Amerika, attende og i 1900 finn vi dei på Kirketeig*”³⁸ Reiste Oline også, eller berre Elias? Under Kirketeig står det fylgjande: «*Dei utfl. 1884 til Amerika, men kom attende*».³⁹ Problemet er at eg ikkje kan finne Oline i emigrantlistene. Elias er oppført, men ho reiste ikkje saman med han.

1.4.4 Matrikkelen for Sønd- og Nordfjord fogderi 1886

Eg brukte matrikkelen for Førde sokn og kom fram til at snittverdien for bruka var 3,22 skuldmark og medianverdien 2,64. For at ikkje det skal bli så altfor mykje som ligg i omgrepet «store bruk», har eg laga ei oppdeling slik:

1. 0-1,99 små bruk (93 bruk)
2. 2-5,99 mellomstore bruk (103 bruk)
3. 6-17,99 store bruk (33 bruk)

Alle husmannsplassane har eg klassifisert som små bruk.

Eg kjem meir attende til matrikkelen i kapittel 3.2.1 om Verdi på gardane.

1.4.5 Emigrantlister

Når den sterke innvandringa tok til på 1860 talet, måtte myndigheitene ha ei oversikt over utvandringa. For å få det måtte dei som skulle utvandre registrere seg hos politiet. Dei første slike listene er frå 1867. For Bergen, som dei fleste sunnfjordingane reiste frå, finn vi lister frå

³⁶ Førsund, 1990, side 8

³⁷ Foreldra til Johan Kirketeig nr. 34

³⁸ Førsund 1992, side 362

³⁹ Førsund 1992, side 446

1874 til 1930.⁴⁰ Det finst også passasjerlister for båtane som reiste til Amerika. Alle desse listene er søkbare på digitalarkivet.no. Med emigrantlistene og passasjerlistene har vi god oversikt over kven som reiste direkte til Amerika etter 1869 når lova om registrering av oversjøiske utvandrarar blei innført, men det manglar oversikt over dei som emigrerte til andre land i Europa, eller som reiste til Amerika via andre land i Europa.⁴¹

Dei som vi heller ikkje har er oversikt over kven som kom attende. Det finst ikkje passasjerlister for båtane som kom frå Amerika til Norge, og dei som kom blei heller ikkje registrert på nokon systematisk måte når dei kom heim.

1.4.6 Område

Eg har valt å undersøke Førde sokn i Førde kommune av fleire grunnar. For det første var soknet såpass stort (i 1910 budde det over to tusen personar her), at det blir eit stort nok utval av personar å granske. For det andre er utstrekninga av soknet ikkje så altfor stort, ytterpunkta i soknet er ikkje meir enn 15 kilometer frå kvarandre, så samkvem mellom folk blei ikkje hindra av avstandar.

Førde sokn var ikkje ei rein jordbruksbygd, her var både handel, industri og høgare embetsstillingar, slik at det kunne vere moglegheiter for ein ikkje-bonde å klatre på den sosiale stigen.

1.4.7 Tidsperiode

Eg undersøker fadderskapa i perioden 1910-1924, og årsaka til det er først og fremst folketeljinga i 1910 som plasserer hovudpersonane heime i Førde på det tidspunktet. Ved hjelp av bygdeboka og søk i digitalarkivet på avdøde, har eg funne ut kven som var heime for å bli.

Klokkeboka eg brukte for å registrer fadrar for Førde sokn stoppa i 1924, så då blei det ei naturleg avslutning på undersøkingsperioden. Det er ikkje sikkert Amerikaeffekten heldt seg så lenge heller, i 1924 hadde dei personane eg undersøker allereie vore heime i minst 14 år.

Sosial mobilitet er noko som bør undersøkast over lang tid. Pantebøkene går fram til 1956, så det har vore mogleg å følgje personane langt inn i alderdomen.

⁴⁰ Digitalarkivet. Søkt på emigrantar over Bergen.

⁴¹ Utvandringsstatistikk, side 3

1.4.8 Personar

I oppgåva har eg tre grupper personar:

1. Remigrantar som opplyste i 1910-teljinga om at dei hadde vore i Amerika og som var i live i perioden 1910-1924 – 13 personar.
2. Remigrantar som ikkje opplyste i 1910-teljinga om at dei hadde vore i Amerika og som var i live i perioden 1910-1924 – 3 personar
3. Søsken (kontrollgruppa) til remigrantane som var bufaste i Førde og som var minst 14 år i 1910 og i live fram til 1924 – 19 personar.

Årsaka til at eg skil mellom dei som sa at dei hadde vore i Amerika og dei som ikkje sa det, er at eg ynskjer å sjå om det er noko forskjellar på korleis dei klarte seg når dei kom heim. Var dei som ikkje sa dei hadde vore i Amerika mindre suksessfulle enn dei andre?

1.5 Metode

Eg har valt å bruke kvantitativ metode i denne oppgåva. Kjeldene er skriftlege og eignar seg godt å lage statistikkar av, sidan ein kan finne same informasjon om alle personane.

István Szijártó har definert mikrohistorie slik:

Ei intensiv undersøking av eit mindre objekt

Målet er å finne svar på «store historiske spørsmål»

Historiske aktørarar har ein eigen vilje⁴²

Eg undersøker ei lita gruppe personar, og ut frå det eg kan finne ut om dei, håpar eg å kunne seie noko generelt om remigrantar frå Amerika.

I oppgåva undersøker eg om personar som har vore i Amerika og komne heim er meir populære som fadrar og forlovarar enn søskena deira som hadde budd i Førde heile tida. Fekk dei eit anna nettverk enn heimeverande søsken? Fekk dei ein positiv sosial mobilitet, og kan vi finne prov på at dei hadde positiv innverknad på bygda?

Årsaka til at eg har valt å bruke søsken til å samanlikne med, er at dei er dei personane som vil vere likast remigrantane. Det kunne vere aktuelt å nytte ein kohort som samanlikningsgrunnlag, til dømes dei som er fødde same år eller tiår. Dette ville blitt mykje meir arbeidskrevjande, sidan hovudpersonane er fødde over eit langt tidsrom (1852-1885) og

⁴² Lokalhistoriewiki/Mikrohistorie besøkt 15.11.2019

det ville vore meir usikkert kva ein samanlikna med. Eg går ut frå at hovudpersonar og søsken hadde med seg omtrent same ballasten heimanfrå, og at deira opprinnelige status var omtrent lik.

1.5.1 Hovudpersonane

Utgangspunktet mitt var bygdebøkene for Førde, kyrkjebøker for Førde sokn og folketeljinga for 1910.

Eg starta med å gå gjennom bygdebøkene for Førde og plukka ut alle som hadde vore i Amerika og var komne heim att. Deretter tok eg eit søk på folketeljinga for 1910 og samanlikna listene. Folketeljinga for 1910 har 29 personar som har sagt dei har vore i Amerika og er komne heim til Førde. Ved å gå gjennom bygdeboka har eg funne 59 personar til som var fødde i Førde som hadde vore i Amerika. Til saman 88 personar. I dette talet er det med fjorten personar som kom frå bygdene på sørsida av fjorden som høyrde til Naustdal kommune fram til 1964. Fire av desse fant eg ikkje i folketeljinga for Naustdal kommune, og på ein person står det «antatt opphold Amerika». Av dei ni som er igjen og som i følge bygdeboka har vore i Amerika, er det ingen som har registrert det i folketeljinga.

Medan det for Førde sitt vedkommande var fem eller seks personar⁴³ som ikkje opplyste i folketeljinga at dei hadde vore i Amerika, altså fem av 34, er talet for den lille delen av Naustdal kommune som eg har sett på, ni av ni. Det er ganske nærliggande å tru at dei ikkje har fått dette spørsmålet i det heile tatt, men om det berre gjeld desse bygdene eller heile kommunen, veit eg ikkje.

Eg registrerte alle remigrantane inn i ein database der eg la inn flest mogleg opplysningar om dei. I tillegg la eg inn foreldre, søsken og svigerfamilie lenka opp mot hovudpersonane. Alle opplysningane i databasen er henta frå bygdebøkene.

Sidan denne oppgåva skulle handle om personar som var heime i perioden 1910-1924, plukka eg ut alle som var heime i 1910 og som høyrde til Førde sokn, totalt 34 personar. Av desse var tre fødde i Amerika og ein i Hardanger. Sidan eg ynskte å samanlikne personar med likast mogleg bakgrunn, tok eg vekk alle som ikkje var fødde i Førde. Ein person flytta til Naustdal, og seks personar døde før 1924. To personar klarte eg ikkje å finne dødsår på, og nr. 23 Oline, trur eg ikkje var i Amerika i det heile. Fire personar har eg ikkje klart å finne igjen i Førde heile perioden. Av dei fire som er det tre kvinner. Nr. 89 Marie Rostad var i Førde i 1910,

⁴³ Sjå avsnittet om bygdeboka.

med eit nyfødd barn. Ho har oppgitt at ho er amerikansk statsborgar og guldminerhustru. Sonen reiste til Amerika 29.09.1911. Personen som er registrert i passasjerlistene på løpenummeret før han, er registrert som førenamn: «været hjemme paa Besøk» og som etternamn: «Husmor Canadian Pacific».⁴⁴ Sjansen er vel rimeleg stor for at dette er Marie. Nr. 83 Maline Jakobsdatter var i Amerika frå 1901 til 1909, og i 1910 er ho heime på garden på Indrebø som tenestejente. Eg har ikkje funne ho igjen seinare. Nr. 86, Anna Refsdal er også heime i 1910, men seinare finn eg ho ikkje. Bygdeboka nemner at ho reiste, men ikkje at ho kom attende. Det står i bygdeboka at faren hennar døde i 1908, men det stemmer ikkje, han døde i 1916. Eg har ikkje funne ho i emigrantlistene over dei som reiste frå Bergen, men som vi såg i dømet med Marie, betyr ikkje det at ho ikkje reiste.

Siste sporet av nr. 90 Erik Hjellen er i 1911 når faren hans dør. Då er han heimeverande og umyndiggjort.⁴⁵ Det kan vere eit problem for talmaterialet at eg hadde tre personar som eg tok vekk. Dersom Maline Jakobsdatter Indrebø og Anna Refsdal var i Førde i perioden, var det heilt utan å gjere noko ut av seg.

Til slutt sat eg igjen med seksten personar som var heime i Førde sokn i 1910 og som blei verande her. Id nummera som eg har gitt til personane er henta frå databasen.

⁴⁴ Digitalarkivet. Emigrantar over Bergen 1874-1930. Emigrasjon nr. 1911 0

⁴⁵ Lensmannen i Førde 6.1. Dødsfallsprotokoll 1894-1924,

Nr	Namn	Fødd	Død	Utreise	Heimreise
1	Adolf Bertelsen Indrebø	1872	1967	1893	1900
3	Anders Bertelsen Indrebø	1852	1938	1882	1893
4	Nikoline Olsdatter Indrebø	1862	1940	1882	1893
9	Andreas Henriksen Rotenes	1873	1956	1902	1902
18	Erik Kristiansen Grimeland	1853	1938	1884	1891
29	Helge Olsen Bruland	1863	1933	1887	1893
33	Matias Ludvig Eliassen Bruland	1875		1898	1910
34	Johan Kristian Eliassen Kirketeig (2)	1878	1938	1900	
43	Johan Johannessen Klopstad	1873	1962	1902	1906
62	Nils Kristoffer Rasmussen Ramstad (2)	1869	1943	1893	1898*
72	Rasmus Josefsen Vie	1869	1947	1890	1894
75	Bendik Jakobsen Rotenes (2)	1885		1904	
76	Rasmus Nilsen Skei	1870	1930	1888	1908
78	Ludvig Eriksen Haugsvær	1865	1956	1890	1897
79	Oliver Kristiansen Grimeland	1859	1954	1887	1893
82	Ludvig Sørensen Indrebø	1879	1930	1902	1906

*Tabell 1. Liste over hovudpersonane. Matias Bruland og Bendik Rotenes er ikkje å finne i dei søkbare dødslistene fram til 1941. Å finne utreisetidspunkt til Amerika går greitt ved å søke på emigrantlistene over Bergen, men det blei ikkje notert ned kor tid dei kom heim. Eg veit at Johan Eliassen Klopstad og Bendik Rotenes var heime i 1910, men ikkje kor tid dei kom. *Nils Ramstad gifta seg i Førde i 1898, så han kom seinast heim det året.*

1.5.2 Kontrollgruppa

Søskena til desse seksten personane fant eg i bygdeboka. Ut frå bygdeboka, folketeljinga og dødslistene har eg funne ut kven av søskena som blei verande igjen i Førde og som var tilgjengelege som fadder i perioden 1910-1924. I tilfelle der bygdeboka ikkje gir opp dødsdato, har eg brukt kyrkjebøkene for å sjå etter personen i perioden det har vore tvil om. Nr. 18 Eirik og nr. 79 Oliver er søsken, så det er berre femten søskenflokkar. Det var ganske utfordrande å slå fast om personar var i Førde og i live i perioden eg undersøker. Eg har mange døme på at eg har funne folk i folketeljinga i 1910, men ikkje i dødslistene som er søkbare fram til 1941. Dette er ganske underleg i mange høve, med folk som i 1941 ville vore langt opp i nittiåra. På grunn av at utvalet er så lite, og at ein person kan gjere store utslag, har eg ekskludert alle som eg ikkje veit sikkert var i Førde heile tida.

Denne oversikta over kor det blei av søskena til hovudpersonane gir eit godt bilete av familien til hovudpersonane.

Id	Namn	Søstre	Brødre	Utflytt	Amerika	Utflytt	Døde	Døde før	For unge	Vekk	Søsken i Førde	Fadderskap
				Amerika	kom attende	Norge	unge	1924	i 1910		1910-1924	søsken
1	Adolf Indrebø	4	3	4			1				2	7
3	Anders Indrebø	9	3				3	3		4	2	1
4	Nikoline Indrebø	4	5	2		1	1	2		1	2	3
9	Andreas Rotenes	6	4	3			3			1	3	1
18	Erik Grimeland	2	3		1		1	1			2	5
79	Oliver Grimeland											
29	Helge Olsen Bruke	1	3				1				3	2
33	Matias Bruland	4	5	3	1		1			3	1	1
34	Johan E Kirketeig	3	3	4			1				1	3
43	Johan J Klopstad	2	1			1				1	1	4
62	Nils Ramstad	5	2	3			1	1		2	0	
72	Rasmus Vie	1	3	3						1	0	
75	Bendik J Rotenes	2	1							3	0	
76	Rasmus Skei	1	3			1	1				2	2
78	Ludvig Haugsvær	1	1							2	0	
82	Ludvig Indrebø	1	6	5						2	0	
		46	46	27	2	3	14	7	0	20	19	29

Tabell 2. Kva skjedde med søskena til hovudpersonane?

Desse seksten personane hadde til saman 92 søsken. Dei neste kolonnane syner kor dei blei av; 27 reiste til Amerika og blei der, to var i Amerika og kom heim. Tre personar flytta andre stadar i Norge og 21 døde før 1924. Dei som har hamna i kolonna «vekk» er dei som eg ikkje har klart å plassere i Førde i heile perioden frå 1910-1924. Merk at Oliver og Erik Grimeland er søsken, så søskenflokkene er berre skriven opp ein gong. Utanom bygdeboka har eg søkt i folketeljningane for 1900 og 1910 i tillegg til lister over døde fram til 1941. Eg har også sjekka emigrantlister. Til slutt sat eg att med 19 søsken, ti kvinner og ni menn, av hovudpersonane som eg var sikker på var busette i Førde i heile perioden. Nokon av dei eg har fjerna kan ha vore her, men med så små tal vil sjølv ein person kunne gjere utslag på resultatane, så eg har valt å berre ta med dei som eg har funne i Førde heile perioden og som eg har dødsår på. Det er klart at det kan vere tilhøve som ikkje går fram av bygdebøker, kyrkjebøker og folketeljningane som gjer at personane ikkje kunne bli valt som fadder sjølv om dei var i live i Førde heile perioden, til dømes sjukdom og høg alder, men eg har ikkje gått inn på det.

Hp id	Id	Namn	Fødd	Død
1	3	Anna Bertelsdatter Indrebø	1871	1965
1	5	Jensine Nikoline Bertelsdatter Indrebø	1877	1965
3	1401	Helene Marta Bertelsdatter Indrebø	1854	1933
3	1404	Synnøve Henrikke Bertelsdatter Indrebø	1862	1930
4	1385	Lovisa Olsdatter Kvamsås (Grimeland)	1870	1941
4	1386	Johan Rasmus Olsen Kvamsås	1876	1926
9	116	Anna Bergitta Henriksdatter Erdalsdal	1870	1940
9	117	Sofie Elisa Henriksdatter Erdalsdal	1876	Etter 1941
9	118	Johannes Henriksen Erdalsdal	1878	1955
18/79	288	Josef Gabriel Kristiansen Grimeland	1851	1937
18/79	289	Andreas Martinus Kristiansen Grimeland	1856	1950
29	392	Andreas Olai Olsen Bruket	1862	1929
29	394	Helene Johanne Olsdatter Bruket (Grimelandsli)	1864	1938
29	396	Ole Gunnar Olsen Bruket	1867	1946
33	458	Henrik Eliassen Bruland	1873	1945
34	1419	Helene Johanne Eliasdatter Erdal	1881	1928
43	739	Lars Johannessen Fossen	1870	1965
76	1597	Peder Johannes Nilsen Teigen/Skei	1872	1960
76	1598	Olianna Marta Nilsdatter Skei (Slaatten)	1874	1954

Tabell 3. Søskena til hovudpersonane. Hp id er nummeret til hovudpersonen som søskenet høyrer til. Anna Bertelsdatter Indrebø er altså søstra til hovudperson nummer 1.

1.5.3 Fadderskap og sosial mobilitet

Eg ynskde også å sjå om remigrantane steig sosialt når dei kom heim og kva sosial klasse dei var fadder for. For å finne ut av dette brukte eg matrikkelen for Sønd- og Nordfjord fogderi for 1886, og klassifiserte gardane i små, mellomstore og store gardar. Eg har lagt inn kva type gard hovudpersonane reiste frå, som oftast foreldra sin gard, og kva gard dei busette seg på når dei kom heim. Eg har også gjort det same for barna dei er fadder til, altså kva slags gard foreldra til barnet bur på.

Eg ville undersøke om dei heimvende norsk-amerikanarane i Førde var populære som fadrar, og for å få til det måtte eg først skaffe meg ei oversikt over kven som var fadrar i Førde.

Eg har gått gjennom klokkebok nr. A 3 1899-1924 for Førde sokn og registrert alle dåpshandlingar med fadrar og foreldre i perioden 1908 til 1924 inn i eit excel-ark. Fylgjande felt er registrerte og søkbare: Dåpsdato, årstal, yrke, førenamn, mellomnamn, etternamn, kjønn, rolle, side og lenke.

Dato	Årstal	Yrke	Førenamn	Mellomnamn	Etternamn	Rol	Side
05.jan	1908	Gardmand	Alfred	Matias	Tjønneland	M Barn	41-1
05.jan	1908	Gardmand	Erik	Rasmussen	Tjønneland	M Far	41-1
05.jan	1908	Gardmand	Kristine	Mortensdatter	Tjønneland	K Mor	41-1
05.jan	1908	Gardmand	Peder	Olsen	Furebø	M F1	41-1
05.jan	1908	Gardmand	Matias	Mortensen	Tjønneland	M F2	41-1
05.jan	1908	Gardmand	Albert	Andersen	Angedal	M F3	41-1
05.jan	1908	Gardkone	Rakel	Oldatter	Tjønneland	K F4	41-1
05.jan	1908	Pike	Anna	Andreasdatter	Vie	K F5	41-1
05.jan	1908		Haakon Alfred		Hafstad	M Barn	41-2
05.jan	1908	Dykker	Andreas	Nilsen	Hafstad	M Far	41-2
05.jan	1908		Nille	Johannesdatter	Hafstad	K Mor	41-2
05.jan	1908	Portaabner	Albert		Hafstad	M F1	41-2
05.jan	1908	Agronom	Ole	Nilsen	Bruland	M F2	41-2
05.jan	1908	Sersjant	Gunnar	Olsen	Aasen	M F3	41-2
05.jan	1908	Gmdkone	Elisabeth	Larsdatter	Bruland	K F4	41-2
05.jan	1908	Pike	Inger	Karlsdatter	Hafstad	K F5	41-2
05.jan	1908		Alfred	Peder	Skei	M Barn	41-3
05.jan	1908	Husmand	Anders	Johannesen	Skei	M Far	41-3
05.jan	1908		Pernille	Nilsdatter	Skei	K Mor	41-3
05.jan	1908	Gardmand	Karl	Olsen	Hafstad	M F1	41-3
05.jan	1908	Arbeider	Ingebrigt	Rasmusen	Mo	M F2	41-3
05.jan	1908	Gmdsmø?	Elias	Madsen	Hafstad	M F3	41-3
05.jan	1908	Pike	Anna	Henriksdatter	Vie	K F4	41-3
05.jan	1908	Pike	Kristine	Henriksdatter	Vie	K F5	41-3

Figur 1. Registrering av fadrane.

Dei fleste av desse er sjølvforklarande, men eg tek ein kort gjennomgang av nokre av dei:

Mellomnamnet er evt. andre førenamn og deretter faren sitt namn i formatet ...datter eller om det er ein mann ...sen, altså sonen til Ole får mellomnamnet Olsen og sonen til Kristian får mellomnamnet Kristiansen.

Etternamnet er oftast gardsnamnet, og det er ganske konsekvent, men personar som har flytta til ein anna gard, kan vere registrert med både namnet på den gamle garden og den nye garden som etternamn. I tilfelle der bustaden til personane har vore ein annan enn etternamnet deira har eg skrive namnet på staden dei bur i parantes. Døme på dette er hovudperson nr. 76 – Rasmus – som heiter Skei (Schei) til etternamn og bur i Sjøhola. Då står det Skei (Sjøhola) på etternamn. Eg har ikkje normalisert skrivemåten av etternamna, men brukt det som står i kyrkjeboka, ein kan til dømes finne både Slaatten og Slåtten. Namnet Skei har mange stavemåtar (Skjei, Schei). Grunnlaget er ikkje så stort at dette bør skape store problem, ein kan til dømes søke på førenamn og første bokstav i etternamnet om det kan vere tvil om skrivemåten.

Dei ulike rollane ein kunne ha i dåpen er fylgjande: Barn, far, mor og så F1, F2, F3, F4, F5. Dei siste står for fadder 1, fadder 2 osv. Fadder 1 er den faddereren som er oppførst først i kyrkjeboka og så vidare.

Siste kolonna inneheld lenke til den aktuelle sida i kyrkjeboka, og der det står side viser til kor på sida ein kan finne den aktuelle dåpen. Eg har nummerert dåpshandlingane på kvar side frå

1 og oppover utan å ta omsyn til om det er gut eller jente. Nr. 47-5 vil då vere det femte barnet på side 47 talt ovanfrå.

Eg brukte same klokkearboka for å registrere giftemåla i Førde sokn i perioden 1910-1924.

A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	Dato	År	Gnr.	Stilling	Person	Fødested	Årst	Rolle	Merknad	Nr.	
2	23.jun	1910	1	Gardbrukar	Elias Bendik Johan Martinussen	Erdalsdal	1875	Brudgom		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
3	23.jun	1910	1		Trone Karoline Olsdatter Erdalsdal	Klopstad	1880	Brud		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
4	23.jun	1910		Gardmand	Martinius Eliassen Erdalsdal			Far til brudgom		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
5	23.jun	1910		Gardmand	Ole Kristiansen Klopstad			Far til brud		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
6	23.jun	1910			Nikolai E Kwamme			Forlover 1		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
7	23.jun	1910			Elias K Furrevik			Forlover 2		173-1	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
8	24.jun	1910	1	Skomaker	Anders Nikolai Nilsen	Slaatten	1869	Brudgom		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
9	24.jun	1910	1		Olianne Martine Nilsdatter Skei	Skei	1874	Brud		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
10	24.jun	1910		Gardmand	Nils Andreassen Slaatten			Far til brudgom		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
11	24.jun	1910		Gardmand	Nils Madsson Teigen			Far til brud		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
12	24.jun	1910			Rasmus N Schei			Forlover 1		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
13	24.jun	1910		Kirkesanger	Olai Slaatten			Forlover 2		173-2	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
14	30.jun	1910	2	Gaardbrukar	Tollef Andreassen Grimelandsli	Grimelandsli	1870	Brudgom	Det står noko om skifte i sam	173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
15	30.jun	1910	1		Bergitte Olsdatter Furrebø Grimelandsli	Furrebø	1872	Brud		173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
16	30.jun	1910			Gm Andreas Torstensen Lien			Far til brudgom		173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
17	30.jun	1910			Ole Pedersen Furrebø			Far til brud		173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
18	30.jun	1910			Peder Olsen Furrebø			Forlover 1		173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
19	30.jun	1910			Oliver Grimeland			Forlover 2		173-3	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
20	04.apr	1910	1	Dagarbeider	Andreas Johannessen Sunde	Sunde	1886	Brudgom	Gift i Korskirken	173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
21	04.apr	1910	1		Inga Olianne Sjørsdatter Kinden	Kinden	1884	Brud		173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
22	04.apr	1910			Husmand Johannes Olsen Sunde			Far til brudgom		173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
23	04.apr	1910			Gm Sjur Ingebrigtssen Kinden			Far til brud		173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
24	04.apr	1910			Henry Olsen Fredriksberggt?			Forlover 1		173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
25	04.apr	1910			K Eivardsdatter Munne?gt. 4			Forlover 2		173-4	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
26	18.okt	1910	1	Arbeider	Sivert Adolf Andreassen Slaatten	Slaatten	1880	Brudgom		173-5	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17
27	18.okt	1910	1		Brita Oline Johnsdatter Ekeland Slaatten	Ekeland	1874	Brud		173-5	https://media.digitalarkivet.no/view/6840/80456/17

Figur 2. Registrering av forlovarar.

Dei viktigaste moglege feilkjeldene både i dåps- og giftemålslista er tyding av kva som står i bøkene, og at namna ikkje hadde ein einsarta skivemåte. Det tok til dømes lang tid før det gjekk opp for meg at Per Schei og Peder Schei var same mann, men det var det altså. Begge namna er brukte når han har vore fadder. Peder/Per Schei var lensmann, så dette gjekk det an å finne ut av, men om det er slike variasjonar på ein gardbrukar, vil eg ikkje ha funne dei. Opplagte variantar går greitt, som ulike skrivemåtar av Olianna og at Helene ofte blei til Hele, men om eit vanleg namn med eit vanleg yrke har blitt endra så mykje som Peder og Per, så er det nesten umogleg å oppdage det. Det var lettare å tyde namna til forlovarane enn til fadrane, fordi klokkearen hadde betre plass når han skulle skrive namnet til to forlovarar enn når han måtte få plass til alle fadrane på den lille plassen han hadde til kvart barn.

1.6 Kulturmøte

Fram til slutten av 1800-talet var det meste av migrasjonen envegs, frå Norge til Amerika, men så begynte tilbakevandrarane å bli så mange at at «heile migrasjonsfenomenet endra karakter...ei ny form for kontakt mellom dei to verdsdelane. Endå meir kunnskap og kultur

enn før kunne utvekslast og heilt ned på lokalt nivå kom folk og samfunn til å bli innlemma i ein migrasjonskultur.»⁴⁶

Semmingsen seier pengane ikkje var det viktigaste emigrantane gjorde for lokalsamfunnet heime, det var kunnskapen dei tok med seg attende. Dei lærte bøndene å drive meir fornuftig og hadde lært seg nye ting innan handverk og teknikk.⁴⁷

Påverkinga frå Amerika trengte heller ikkje å vere store ting, Semmingsen gir døme som å pynte huset med vaser med blomster eller legge tepper på golvet. Det kunne også vere at dei fekk ei susterne ved kjøkkenet til å samle regnvatn i.⁴⁸ Det verkar heilt utenkeleg at Nikoline som var i Amerika i over ti år ikkje skulle ha teke med seg nye vanar heim frå Amerika, problemet er å finne spor av dei i dag. Sjølv Ingrid Semmingsen, som arbeidde for over sytti år sidan, skreiv at vi veit lite om kva dei heimvende norskamerikanarane fortalde til slekt og venner. Ho meiner at vi best kan danne oss eit bilete av kva dei formidla gjennom Amerikabreve.⁴⁹ Dessverre blir breva frå Amerika ein annan innfallsvinkel enn historier om og frå dei som kom attende. Det finst sikkert slike historier, men eg har ikkje funne nokon.

At perspektivet er viktig blir understreka av at ein no har starta med å sjå på migrasjon også frå eit kulturperspektiv i tillegg til den økonomiske og demografiske som har vore det vanlege. I migrasjonsforskinga nyttar ein eit vidt kulturomgrep som handlar om normer og verdimønster.⁵⁰

Migrasjon er ein langvarig prosess som kan vare heile livet til emigranten og gjerne påverke etterkommarane hans også. Både samfunnet han reiser frå og dit han kjem blir påverka av handlinga.⁵¹

1.7 Førde

Førde kommune ligg inst i Førdefjorden i Sunnfjord. Kjem du sjøvegen til Førde, ser du tettstaden Førde som ligg på begge sider av elva Jølstra. Resten av kommunen strekker seg fleire mil innover i landet. Det er spreidd busetnad utover langs begge sider av fjorden. På

⁴⁶ Østrem, side 49

⁴⁷ Semmingsen, 1944, side 15

⁴⁸ Semmingsen, 1950, side 465


⁴⁹ Semmingsen, 1950, side 470

⁵⁰ Østrem, side 107

⁵¹ Castles og Miller, side 19

sørsida ligg Kråkenes og Ulltang, og på nordsida Erdal, Hornnes og Hundvebakke. Grendene utanfor Ulltang tilhørde Naustdal kommune fram til 1964.

Hovudtyngda av busetnaden i Førde ligg i enden av fjorden. Angedalen strekker seg ca. ei mil innover i landet mot nordaust. På andre sida av fjella ligg Bruland, Sundsdalen, Sunde og Moskog. Dette er også ca. ei mil frå Førde sentrum og her sluttar Førde sokn. Grendene Holsen og Haukedalen har sine egne kyrkjer, og særleg Haukedalen ligg så langt frå resten av kommunen at det var meir naturleg at dei vende seg mot Viksdalen og Gaular.



Figur 3. Biletet syner Førde sokn omtrent slik det var i 1910. Det som ligg til høgre og nord for Movatnet tilhøyrrer Jølster kommune og Holsen sokn i Førde kommune. Eg har merka av på kartet kor hovudpersonane budde. Der det står 180 er oppvekstgarden til nr. 18. 9v er nr. 9 sin vaksengard. Der det står o+v tyder det at dei blei buande på same stad som vaksne.

På starten av 1900-talet låg sentrum i Førde omtrent på same stad som i dag, det vil seie på begge sider av elva Jølstra like ved utløpet.

Kyrkja i Førde sokn er frå 1885, men det har truleg vore kyrkje på same staden sidan 1100-talet.⁵² I perioden som oppgåva handlar om var det to prestar i Førde; Jonas Rein Landmark frå 1901 til 1917 og Brigt Hope frå 1918 til 1940. Det var to ordførarar i perioden, frå 1905 til 1914 (andre perioden hans): Bonde Ole M Erdal og 1914-1934: Bonde Olai Tefre.



Figur 4. Førde ca. 1905-1944. Vi ser kyrkja med gardane Svei og Førde prestegard nærmast og Hafstad og Halbrend lenger vekk. Foto: Olai Fauske/Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Det fanst to hotell i sentrum, begge grunnlagt i 1860-åra. Sivertsen hotell låg ved kyrkja, og tidleg på 1900-talet låg også telegrafstasjonen her.⁵³ Hafstad hotell låg på andre sida av elva, og her har det vore hotell drift fram til i dag. Frå 1902 og i førti år framover blei hotellet drive av Anna Hafstad. Ho kom heim frå England for å ta over hotellet då broren gjekk gjennom isen og drukna. Dei siste åra dreiv ho saman med søstra Mathilde Moran som kom heim frå Amerika.⁵⁴

⁵² Djupedal, side 46

⁵³ Fylkesleksikon Sogn og Fjordane/Sivertens hotell.

⁵⁴ Fylkesleksikon Sogn og Fjordane/Hafstad hotell

I 1909 hadde Førde åtte landhandlarar og femten handverkarar. Det var ganske lite samanlikna med andre stadar i fylket som Nordfjordeid, Måløy, Kalvåg og Sogndal, men Førde hadde fleire høgare embetsstillingar.⁵⁵ Tidleg på 1900-talet opna det fleire spesialforretningar, det kom skreddarforretning og apotek og litt seinare bokhandel, skobutikk og motebutikk.⁵⁶

Den første industriverksemda i Førde, var ein tønnefabrikk som blei starta i 1915 og som på det meste hadde 37 mann i arbeid.⁵⁷ I 1918 blei det starta ullspinneri på Steinen.

I samband med etableringa av den Trondhjemske postveg gjennom fylket i 1785 fekk Førde postgard og skysstasjon. Dampskipskaia med rutestopp for Fylkesbåtane var i drift frå 1859 til 1990. Den mest aktive perioden var på starten av 1900-talet.

I 1910 budde det 2742 personar i Førde. Dei fleste som budde her var enten fødde i Førde eller i nabokommunane, men det fantes også folk frå Tromsø i nord til Arendal i sør og til og med ein svenske.

⁵⁵ Førstund, 1992, side 91/92

⁵⁶ Førstund, 1992, side 71

⁵⁷ Førstund, 1992, side 71.

2 Fadderskap

Fadderskapsinstitusjonen har eksistert i Norge sidan innføringa av kristendommen.⁵⁸ Dåpen blei opprinneleg sett på som ei sak mellom dåpsbarnet og kyrkja, med fadrane som mellommenn mellom barnet og kyrkjelyden. Fadrane tok også på seg ansvar for seinare kristeleg opplæring. Før reformasjonen innebar eit fadderskap eit andeleg slektskap mellom prest, fadder og dåpsbarn, og dette la restriksjonar på seinare giftemål. Særleg i små bygder kunne dette vere problematisk, så talet på fadrar måtte haldast nede, normalt til to-tre personar. Når dette synet blei forkasta med reformasjonen, blei det opna for å ha fleire fadrar til kvart barn. Mange fadrar kunne vere ein økonomisk fordel for barnet, og det knytte familiane saman både økonomisk og sosialt.⁵⁹ For at ein ikkje skulle velje fadrar meir for økonomisk vinning enn for det religiøse, blei det sett ei grense på fem fadrar pr. barn.⁶⁰ Trass forbodet og trugsmål om gapestokk og bøter, var det ikkje alle som retta seg etter det, og forbodet blei innskjerpa i 1739. Sidan foreldra var villige til å risikere slike straffer, kan det ikkje vere tvil om at det hadde stor betydning å knyte til seg mange fadrar.⁶¹

Fadderskapsinstitusjonen endra seg utover 18- og 1900-talet, og blei meir og meir ei privat sak. Kyrkja innsåg at det var vanskeleg å få fadrane til å ta på seg den religiøse delen av fadderskapet.⁶² «*Fadderordningen fikk istedet mer preg av et «borgerliggjort», familiært omsorgsapparat med få referanser felles med kirkelig oppdrageransvar og individets innlemmelse i den lokale menighet*»⁶³. Det blei også meir vanleg at ein eller begge foreldra kunne vere fadder. Dette hadde tidlegare vore heilt utenkeleg.

Over heile landet blei fadrane valt blant slekt og naboar. Fadrane skulle vere ærlege og heiderlege. Dei kriminelle og usedelege blei ikkje valt som fadrar, og kunne også ha problem med å få fadrar til barna sine.⁶⁴

⁵⁸ Amundsen, side 238

⁵⁹ Amundsen, side 241

⁶⁰ Amundsen, side 241

⁶¹ Amundsen, side 243

⁶² Amundsen, side 247.

⁶³ Amundsen, side 247.

⁶⁴ Amundsen, side 249

Sosial stilling hadde også ei viss betydning,⁶⁵ det var ganske utenkeleg å velje fadrar som var langt under foreldra sosialt, men å velje fadrar som var betre stilte enn foreldra var vanleg.⁶⁶ Dersom ein blei spurt om å vere fadder, var det berre sjukdom som var grunn til å seie nei, og blant embetsfolk og gardbrukarar blei det nok sett på som ei plikt å vere fadder for dårlegare stilte.⁶⁷

Sjølv om tanken om eit andeleg slektskap var borte frå kyrkja si side, levde førestillinga om eit spesielt band mellom fadrane og barnet vidare langt ut på 1900-talet. Ein trudde også at barna kunne arve gode og dårlege eigenskapar frå fadrane sine.⁶⁸

Talet på fadrar kunne variere litt utover landet, men mange stadar på Austlandet, Sørlandet og Vestlandet var det vanleg med fem fadrar.⁶⁹ Nokon stadar var det vanleg å ha tre kvinner og to menn når dåpsbarnet var jente og omvendt når det var ein gut. I Førde sokn var det vanlege mønsteret i perioden eg har studert, tre menn og to kvinner uansett kjønn på barnet.

Fadderskapa hadde økonomisk betydning gjennom gåver til barnet, men var også ei slags forsikring for familien dersom dei skulle bli ramma av ei ulykke. I så fall måtte fadrane ta på seg ansvaret for barnet.⁷⁰ Når barnet hadde nådd konfirmasjonsalder, var mykje av jobben til fadrane gjort. Barnet var no sjølv i stand til å ta på seg fadderansvar.

I boka «Mot nye heimland» skriv Ragnar Standal at heimvende norsk-amerikanarar var populære som fadrar og forlovarar.⁷¹ Han kjem ikkje med noko tal som underbygger dette, så truleg er det eit inntrykk han sat igjen med etter å ha gått gjennom kyrkjebøkene. Mark Wyman siterer ein finne⁷² som har sagt omtrent det same. Eg vil gjerne sjekke om dette stemmer for Førde kommune. Ein fadder er også ein del av eit nettverk, først og fremst med foreldra til barnet, men også til medfadrane. Om ein blei valt som fadder, seier det noko om korleis samfunnet såg på personen, og tilsvarande om han ikkje blei valt.⁷³

⁶⁵ Hodne, side 9.

⁶⁶ Amundsen, side 249.

⁶⁷ Amundsen, side 249.

⁶⁸ Hodne, side 5

⁶⁹ Hodne, side 8

⁷⁰ Hodne, side 15

⁷¹ Standal, side 211.

⁷² Namnlaus

⁷³ Kjelland, 2010, side 6.

Eg har gått gjennom kyrkjebøker og klokkarbøker for Førde sokn for perioden 1908-1924⁷⁴ og registrert dei 715 dåpshandlingane i perioden i eit excel-ark. 697 barn er døypte i kyrkja. Barn som var heimedøypte og døde før dåpen i kyrkja har eg ikkje teke med fadrane på, då fadrane til heimedåpen vart meir valt ut frå kven som var til stades, og mindre kven foreldra ynskte som fadder.

Talet på fadRAR og kjønN på fadrane er svært einsarta. 674 av barna hadde fem fadRAR, og det normale var at det var tre menn og to kvinner som var fadder. Det går ikkje an å lese ut av kyrkjebøkene kva roller dei ulike fadrane hadde i dåpen, men i dei fleste tilfella er dei tre mennene ført opp først, og den ugifte kvinna er til slutt.

2.1 Hovudpersonane

2.1.1 Hovudpersonane som fadRAR

Nr	Namn	Sum	F1	F2	F3	F4	F5	Årstal personen er fadder
1	Adolf Bertelsen Indrebø	6	4	2				1911, 1911, 1914, 1915, 1916, 1920
3	Anders Bertelsen Indrebø	6	3	3				1912, 1914, 1916, 1916, 1916, 1919
43	Johan Johannessen Klopstad	6	4	1			1	1910, 1918, 1919, 1919, 1921, 1923
4	Nikoline Olsdatter Indrebø	4	1			3		1912, 1912, 1914, 1916
9	Andreas Henriksen Rotenes	4	1	1	2			1912, 1914, 1916, 1919
29	Helge Olsen Bruland	4	1	3				1912, 1913, 1916, 1919
34	Johan Kristian Eliassen Kirketeig (2)	4	2	1	1			1910, 1911, 1917, 1917
75	Bendik Jakobsen Rotenes (2)	3		2	1			1910, 1913, 1913
79	Oliver Kristiansen Grimeland	3	1	2				1912, 1915, 1918
82	Ludvig Sørensen Indrebø	3	1	2				1914, 1915, 1920
72	Rasmus Josefsen Vie	2		1		1		1920, 1923
76	Rasmus Nilsen Skei	2	1	1				1915, 1917
78	Ludvig Eriksen Haugsvær	2		1		1		1918, 1918
18	Erik Kristiansen Grimeland	1	1					1918
33	Matias Ludvig Eliassen Bruland	0						
62	Nils Kristoffer Rasmussen Ramstad (0						
		50	20	20	4	5	1	

Tabell 4. Denne oversikta syner kor mange gonger kvar person var fadder og kva årstal det skjedde. F1 tyder at personen var den første fadder registrert i dåpen. F5 er siste fadder som er innskrevet i kyrkjeboka. Talet 2 i parentes bak namna til personane markerer dei som ikkje opplyste i folketeljinga at dei hadde vore i Amerika.

Dei seksten hovudpersonane var fadder til saman 50 gonger, noko som gir eit snitt på 3,13 gonger pr. person. I artikkelen Kulturkløft og fadderskap i Hosanger på 17- og 1800-talet, seier Atle Døssland at i perioden 1845-1854 var 75% av befolkninga i Hosanger fadRAR ein til tre gonger, medan nokon blir brukt mange gonger.⁷⁵ Slik sett ser tala på norsk-amerikanarane til å vere innafor normalen, men vi må ta høgde for at det er eit svært lite utval. Hosanger og

⁷⁴ Digitalarkivet

⁷⁵ Døssland, side 12.

Førde var omtrent like store stadar, men Førde ligg innerst i ein fjord og Hosanger ligg ikkje så langt frå Bergen. Tala frå Hosanger er dessutan sytti år eldre enn tala frå Førde, så det er vanskeleg å samanlikne dei.

To av personane var aldri fadder. Om vi deler ut fadderskapa på dei som faktisk var det, får vi eit snitt på 3,57 fadderskap pr. person. Tre personar var fadder seks gonger kvar, dette var Adolf (nr. 1) og Anders Indrebø (nr. 3) og Johan Johannesen Klopstad (nr. 43). Nikoline Indrebø (nr. 4), Andreas Henriksen Rotenes (nr. 9), Helge Olsen Bruland (nr. 29) og Johan Eliassen Kirketeig var fadrar fire gonger kvar.

Ein ting som talar mot at mine norskamerikanarar var spesielt populære som fadrar er den store spreinga i årstal kvar einskild blir brukt. Berre nokre få gonger har dei vore fadder fleire gonger same år.

	Után yrke	Jordbruk	Høgare embetsmenn	Manuelt arb. med utdanning	Manuelt arb. utan utdanning	Sum
Sto som fadder for		39	4	3	4	50
Valde fadder frå	90	79	5	6	15	195

Tabell 5. Øverste linja (sto som fadder for) syner yrket til faren til barnet der remigrantane var fadder. Linja under (valde fadder frå) syner kva yrke fadrane som remigrantane sjølv brukte til sine barn hadde. Utan yrke = dei som ikkje har oppgitt yrke i kyrkjeboka, og dei som er oppførde som pike, gardmandssønn, kone, hustru osv.

2.1.2 Hovudpersonane sine fadderval

I denne perioden døypte hovudpersonane 39 barn. Alle desse barna hadde fem fadrar, så totalt var det 195 fadrar. Same person er berre brukt som fadder seks gonger, og om vi tek høgde for det, skal det berre vere 74 personar i kategorien jordbruk og 89 i kategorien utan yrke i tabellen over. Berre tre av hovudpersonane brukar andre hovudpersonar som fadder, Ludvig Sørensen Indrebø brukte både Adolf Indrebø og Anders Indrebø som fadrar, Bendik Jakobsen Rotenes brukte Andreas Henriksen Rotenes og Rasmus Schei brukte Johan J. Klopstad.

I utgangspunktet tenkte eg det kunne vere eit poeng i å sjå på gardsstorleik til fadrar og foreldrepar hovudpersonane er fadrar til, men eg ser heilt tydeleg at fadrar for det meste er valt ut frå slektskap og naboskap, og at gardsstorleik neppe hadde nokon betydning.

Hp	Namn	Fadderskap	Same namnegard	Gardar nær	Stamma frå gardar nær	Slekt som budde litt unna	Uklart
1	Adolf Indrebø	6	3	2	1		
3	Anders Indrebø	6	2	4			
4	Nikoline Indrebø	4	2	2			
9	Andreas Rotenes	4	1	3			
18	Erik Grimeland	1	1				
29	Helge Bruland	4	1	3			
34	Johan Kirketeig	4		4			
43	Johan Klopstad	6	3		2		1
72	Rasmus Vie	2	1				1
75	Bendik Rotenes	3		3			
76	Rasmus Schei	2		1		1	
78	Ludvig Haugsvær	2		1			1
79	Oliver Grimeland	3	1	2			
82	Ludvig Indrebø	3	2	1			
		50	17	26	3	1	3

Tabell 6 syner kor foreldra til barna hovudpersonane var fadder for budde i høve til hovudpersonane. Eg har teke utgangspunkt i staden hovudpersonane budde som vaksne. I kolonna «same namnegard» er alle foreldrepara som budde på same stad som fadderen. Kolonna «stamma frå gardar nær» er foreldrepar der ein eller begge kom frå ein stad nær fadderen, men hadde flytta lenger vekk.

Tabellen syner at berre tre av fadderskapa til hovudpersonane ikkje kan forklarast med naboskap og slekt. Johan Klopstad var fadder for barnet til Rasmus Schei. Eg ser ikkje noko slektskap mellom dei, og heller ikkje gjennom konene deira, som var frå Holsen og Naustdal. Rasmus var tre år eldre enn Johan, og han reiste til Amerika fjorten år før Johan. Rasmus kom heim i 1908. Eg veit ikkje kor tid Johan kom heim, men han reiste i 1900 og 1905 og han fekk eit barn i 1907, så han kom nok heim før Rasmus. Rasmus brukte også broren til Johan, Lars Fossen, som fadder, så det må ha vore eit samband mellom familiane som ikkje hadde med slekt og naboskap å gjere.

Rasmus Vie var fadder for eit foreldrepar som budde på Hornnes der faren kom frå Naustdal og mora frå Fjaler. Ludvig Haugsvær var fadder for eit barn frå Sunde. Faren var derifrå og mora frå Bruland. Eg kan ikkje finne noko slektskap mellom desse heller.

Når eg har studert kven hovudpersonane valde som fadder til sine eigne barn, er det også her tydelege grupper som blir valt, slektingar av kona og naboar der dei bur, ikkje berre frå same garden, men også nabogardar.

Hp	Namn	Barn døpt	Fadrar	Same namnegard	Nær	Kona si slekt/ heimstad	Hans slekt	Mor	Uklart	Ukjent
1	Adolf Indrebø	3	15	5	1	4			3	2
29	Helge Bruland	5	25	8	7	2	5	2		1
34	Johan Kirketeig	7	35	5	16		10		3	1
43	Johan Klopstad	1	5		3	2				
62	Nils Ramstad	2	10		6	1	2		1	
72	Rasmus Vie	1	5	2	1	1			1	
75	Bendik Rotenes	5	24		14	8			1	
76	Rasmus Schei	7	35	6		10	4	1	12	2
82	Ludvig Indrebø	8	40	20	11	3			4	3
		39	194	46	59	31	21	3	25	9

Tabell 7. Tabellen syner barna som hovudpersonane døypte i perioden 1910-1924. Alle barna hadde fem fadrar kvar, men Bendik Rotenes brukte Bendik Erdal to gonger, difor har han berre 24 fadrar til fem barn.

Adolf Indrebø og kona Johanne Torstensdatter Førde døypte Fridtjof i 1911, Magne i 1913 og eit barn som ikkje står i bygdeboka⁷⁶, Toralv i 1915. Dei tre fadrane i kolonna «uklart» var barna til Johannes Vie frå Vie. Eg har ikkje funne noko slektskap med verken Adolf eller Johanne, og Johannes var over ti år eldre enn Adolf, så nokon opplagt forbindelse ser eg ikkje. Seks av Johannes sine søsken emigrerte til Amerika, tre av dei reiste året før Adolf.

Nr. 34 Johan Kristian Eliassen Kirkebø og kona Inga Karoline Marie Aurdal (Pedersdatter Ulltang) hadde elleve barn og sju av dei blei døypte mellom 1910 og 1924. Dei tre fadrane i kolonna «ukjent» kom frå Naustdal, som strengt tatt ikkje var noko langt verken frå der dei budde på Kirketeig eller der Johan vaks opp i Erdalen. Han har brukt fire fadrar frå Fossen der mora hans var frå, fem frå Klopstad der faren stamma frå, men berre ein frå Erdal der han sjølv vaks opp.

Nr. 43 Johan Klopstad frå Fossen og Elen Mari Rasmusdatter frå Sollien i Naustdal døypte eit barn i 1910. To av fadrane var frå Naustdal, ein frå Fossen, ein frå Rotnes og ei gardbrukarkone frå andre sida av fjorden. Folket her ute måtte bruke båt når dei skulle nokon stad på denne tida, så vegen over fjorden var ikkje noko lengre enn til Naustdal eller Førde sentrum.

Nils Ramstad (nr. 62) og kona Olianna Mari frå Flugedalen hadde dåp i 1911 og i 1913. Barnet som blei døypt i 1913, Olav, står ikkje i bygdeboka. Av slekt har dei berre brukt Nils sin onkel og ein bror av kona som heitte Olai. Denne broren emigrerte i 1897 og selde seinare garden til Olianna, men han var tydelegvis heime av og til. Dei har brukt ein fadder frå Hornnes, som er eit godt stykke frå Ramstad.

⁷⁶ Førsund 1992, side 117

Rasmus Vie hadde fadrar frå nærområdet og kona si slekt i tillegg til ein person frå Erdal.

Bendik Rotenes (nr. 75) og kona Kristine Støfringstøl frå Jølster døypte fem barn i perioden. Fem av fadrane kjem frå Naustdal. Dette er ikkje så rart, for Rotenes ligg omtrent midtvegs mellom Førde og Naustdal, og det er ikkje usannsynleg at dei hadde like mykje kontakt den vegen som mot Førde. Pike Juditte Andersdatter Lundekvam som var fadder til Åsta fødd 1919, kom truleg frå Gaular, men ho kan godt ha vore i teneste på Rotenes eller ein nabogard. Mor til Bendik er fadder til eine barnet, men utover det har han ikkje brukt nære slektningar som fadder.⁷⁷

Rasmus Nilsen Schei og kona Lovisa Gunnarsdotter Holsen budde i Sjøahola på Skei. Fram til elva skifta løp i 1780 var Sjøahola sentrum i Førde, og sjølv om sentrum etter kvart hadde flytta seg etter elva og mot Hafstad, budde dei nok rimeleg sentralt. Dei døypte sju barn mellom 1912 og 1923, og her kan vi faktisk sjå at frå å velje fadrar frå Angedalen og Rasmus si inngifta slekt på Slåtten og frå sentrum til dei eldste barna, går dei utover fjorden til Hundvebakke og Hornnes med dei yngste. Kan det ha noko med vegen til Naustdal å gjere? Den gjekk rett forbi både Sjøhola, Hundvebakke og Hornnes. Alle barna så nær som dei to yngste har mellom ein og tre fadrar frå Holsen der mora var frå. Tolv av fadrane har ikkje nokon openbar nær tilknytning til Rasmus eller Lovisa og berre seks av dei trettifem fadrane var gardbrukarar.

Ludvig Indrebø (82) og kona Oleanne Ness frå Naustdal døypte åtte barn mellom 1910 og 1922. Dei valde dei aller fleste fadrane blant naboane sine. Tjue av fadrane var frå Indrebø, og elleve frå nærliggande gardar som Botnen. Tre av fadrane var frå kona sin familie. Av dei sju andre er det tre som eg ikkje veit, to som heiter Hellevik og to frå Skytterkvien (nær sentrum). Ganske mange av familiane må ha vore nært knytte til kvarandre ved at dei var fadder for kvarandre sine barn.

⁷⁷ I 1914 er Anne Erdal fadder. Bendik har ei søster som heiter Anne Sofie, så det kan vere henne.

Hp	Namn	Foreldre	Brukte sjøl
1	Adolf Indrebø	12	3
29	Helge Bruland	8	3
34	Johan Kirketeig	6	3
43	Johan Klopstad	12	0
62	Nils Ramstad	0	0
72	Rasmus Vie	4	0
75	Bendik Rotenes	6	4
76	Rasmus Schei	4	2
82	Ludvig Indrebø	6	4

Tabell 8. Kolonna foreldre syner kor mange personar hovudpersonen har vore fadder for barnet til. Adolf har vore fadder seks gonger, og då har han vore fadder for tolv foreldre. Av desse tolv har han brukt tre som fadder for sine egne barn.

2.2 Søsken

For å sjå om dei som hadde vore i Amerika var meir populære som fadrar enn andre samanliknbare personar har eg valt å lage ei oversikt over kor mykje søskena til Amerikafararane blei brukte som fadrar.

2.2.1 Søskena som fadrar

Søskena var fadder til saman 31 gonger i perioden, og om vi deler det ut på tal personar, blir det 1,63 fadderskap pr. person. Eit betydeleg lågare tal enn for remigrantane. Seks av søskena var aldri fadder, og om vi deler ut fadderskapa på dei personane som var fadder, blir snittet 2,38.

Fem personar står for 21 av fadderskapa og den mest populære er Anne Bertelsdatter Furebø (Indrebø) (søster til nr. 1) med seks fadderskap. Gardbrukar Josef Kristiansen Grimland (bror til nr. 18 og 79) hadde fem og gardbrukar Lars Johannesen Fossen (bror til nr. 43) hadde fire. Hele(ne) Johanne Eliasdatter Kirketeig (søster til nr. 34), sersjant Johan Kvamsaas (bror til nr. 4) og lensmann Peder Schei (bror til nr. 76) hadde tre kvar.

Adolf Indrebø og søstra Anne, hadde altså seks fadderskap kvar, medan den siste søstra som var igjen i Førde, Jensine, berre var fadder ein gong. Faren deira, sersjant Bertel Erik Matias Anderssen var ein flink bygningsmann og forretningsmann. Han «*var framsynt, men ikkje alltid så enkel*»⁷⁸. Jensine gjekk på lærarskulen og ho blei første kvinna i Førde Heradsstyre, der ho sat to periodar. Anne gjekk på hustellskule i Holmedal. Skulen blei opna i 1877 og hadde som føremål å «*uddanne praktiske og oplyste husmødre, og i det hele gi kvinnen*

⁷⁸ Kvale, side 30

adgang til at erhverve paa engang en videre aandsdannelse og en større praktisk dyktighet i hvad der i det daglige liv hører med til kvindens gjerning».⁷⁹ Med dagens perspektiv er det uventa at Anne var så mykje meir populær som fadder enn Jensine, som med lærarskule og politiske verv må ha hatt ein høgare status enn Anne. Eller var det meir status å vere flink husmor? Johan Kvamsås med tre fadderskap sat også i kommunestyret i fleire periodar. Han eigde aldri nokon gard, men budde hos svigerforeldra.

Utanom Jensine og Anne var det tre andre kvinner frå gardar og ei skomakerhustru. Dei var losjerande. Utanom Johan Kvamsaas eigde dei fem andre gardbrukarane garden sin sjølv. Peder Schei var lensmann. Det var med andre ord ti gardbrukarar/koner, to høgare embetsmenn (eg plasserer læraren Jensine her og lensmannen) og ei i gruppa manuelt arbeid med utdanning (skomakerhustru).

Hp	Id	Namn	Fadderskap	Same	Gardar	Stamma frå	Slekt som	Der søsken/	Uklart
	søsken			namnegard	nær	gardar nær	udde litt	unntefelle	kom frå
1	3	Anna Bertelsdatter Indrebø	6	1	4				1
1	5	Jensine Bertelsdatter Indrebø	1		1				
3	1401	Helene Bertelsdatter Indrebø							
3	1404	Synnøve Bertelsdatter Indrebø	1		1				
4	1385	Lovisa Olsdatter Kvamsås (Grimeland)							
4	1386	Johan Olsen Kvamsås	3	2	1				
9	116	Anna Henriksdatter Erdalsdal	1	1					
9	117	Sofie Henriksdatter Erdalsdal							
9	118	Johannes Henriksen Erdalsdal							
18/79	288	Josef Kristiansen Grimeland	5	4	1				
18/79	289	Andreas Kristiansen Grimeland							
29	392	Andreas Olsen Bruket	1	1					
29	394	Helene Olsdatter Bruket							
29	396	Ole Olsen Bruket	1						1
33	458	Henrik Eliassen Bruland	1					1	
34	1419	Helene Eliasdatter Erdal	3		2				1
43	739	Lars Johannesen Fossen	4		3				1
76	1597	Peder Nilsen Schei	3	1	2				
76	1598	Olianna Nilsdatter Schei	1		1				
			31	10	16	0	0	1	4

Tabell 9. Kontrollgruppa sine fadderskap.

Også for søskena kan fadderskapa forklarast med slektskap og naboskap. Anna Indrebø var fadder for nokon som budde på Hafstad. Ole Olsen Bruket var fadder for eit ugift foreldrepar der mora var frå Angedal, ikkje langt frå Bruket og faren var frå Fossen. Helene Erdal var fadder for eit par frå Halbrend og Lars Fossen var fadder for barnet til hovudperson nr. 76, Rasmus Schei.

Eg ser ingen forskjell i kven remigrantane og søskena var fadder for, berre forskjell på kor mange gonger dei var fadder.

⁷⁹ Hestetun, side 13.

Eit problem med å samanlikne tala for hovudpersonane med søskena er at det blant søskena er ti kvinner medan det er ei kvinne blant hovudpersonane. Det normale i Førde var at det var tre menn og to kvinner som var fadrar ved kvar dåp, det var med andre ord «bruk» for fleire menn som fadrar enn kvinner, og det var difor større sjanse for å bli valt som fadder for ein mann enn ei kvinne. I ein populasjon med like mange menn og kvinner ville det vere 50% større sjanse for menn å bli valt som fadder, enn for kvinner.⁸⁰ Dersom eg berre samanliknar menn i utvalet, blir snittet for hovudpersonane 3,07⁸¹ og for søskena 2⁸².

Yrket til faren i foreldreparet søskena var fadder for og valte fadder frå fordeler seg slik:

	Utan yrke	Jordbruk	Høgare embetsmenn	Manuelt arb. med utdanning	Manuelt arb. utan utdanning	Sum
Sto som fadder for	1	22	0	2	6	31
Valde fadder frå	41	25	9	2	8	85

Tabell 10. Yrke.

2.2.2 Søskena sine valde fadrar

Dei døypte 17 barn i perioden med til saman 85 fadrar.

Eg har plassert to lærarar og ein sersjant i gruppa høgare embetsmenn. Lensmann Peder Schei (bror til nr. 76) hadde fem fadrar frå denne gruppa, ein sorenskrivar, ein cand.jur, ein lege, ein postopnar og ein fanejunker. Sjølv var han fadder tre gonger, for ein skomaker og for barna til søstra Olianna og broren Rasmus.

Id	Hp	Namn	Barn døypt	Fadrar	Same namnegard	Nær	Der foreldra kom frå	Mor	Uklart	Ukjent
116	9	Anna Henriksdatter Erdalsdal	1	5	1		3		1	
396	29	Ole Olsen Bruket	1	5	1	2			2	
458	33	Henrik Eliassen Bruland	2	10	2	4	4			
1419	34	Helene Eliasdatter Kirketeig	4	20	1	12	2		4	1
739	43	Lars Johannesen Fossen	1	5	3	1	1			
1597	76	Peder Nilsen Schei	2	10		8	1			1
1598	76	Olianna Nilsdatter Schei	2	10	4		5			1
			17	85	18	38	16	1	9	3

Tabell 11. Søskena sine fadderval.

Johan Kvamsaas (bror til nr. 4) døypte fire barn mellom 1916 og 1922 og av dei tjue fadrane var sytten i nær slekt med han eller kona. Kona var fadder ein gong og dei to siste har eg ikkje klart å plassere.

⁸⁰ I 1910 var det 1497 kvinner og 1245 menn i Førde kommune.

⁸¹ 46 fadderskap delt på 15 menn.

⁸² 18 fadderskap delt på 9 menn.

Anne Bergitta Henriksdatter Erdal var søster til nr. 9. Ho var gift med ein mann frå Erdalen, men dei budde på Førde prestegard der dei forpakta bruk nr. 1. Dei døypte eitt barn i 1913. To av fadrane kom frå Erdal, ein frå Rotenes, ein frå sentrum og ei kvinne frå Jølster.

Ole Gunnar Olsen Bruland frå Bruket (bror til nr. 29) hadde også ein dåp med fadrar frå fem forskjellige stadar. Ingen ser ut til å vere i nær slekt med han eller kona.

Henrik Eliassen Klopstad (Bruland) var bror til nr. 33, og blant sine ti fadrar var det tre nære slektningar til han og kona forutan ei kone frå Bruland, tre frå Rotenes og to frå Klopstad og ein lærar frå Naustdal.

Helene Johanne Eliasdatter Kirkebø frå Erdalen var søster til nr. 34. Far hennar var frå Klopstad og mora frå Fossen. Mora heitte Oline Larsdatter Fossen og var fødd i 1842. Eg trur ho må mangle blant ungane til Lars Eikås og Inger Oline Steffensdatter.⁸³ I det fylgjande har eg gått ut frå det: Helene brukte mange fadrar frå slekta på Fossen, åtte av tjue. Åtte kom frå nærområdet rundt Kirkebø. Ei kom frå Naustdal, ei ukjent, ei frå Mo og ei frå Klopstad.

Broren Johan budde også på Kirketeig, og truleg budde foreldra hos han, dei var der i allefall i 1910⁸⁴, men ho har berre brukt kona til broren som fadder.

Også blant søskena var det ganske vanleg å vere fadder for kvarandre sine ungar.

Hp	Namn	Foreldre	Brukt sjølv
4	Johan Kvamsås	6	1
33	Henrik Bruland	2	1
34	Helene Erdal	6	3
76	Peder Schei	6	1
76	Olianna Schei	2	2

Tabell 12. Søsken. Nære familiar som var fadder for kvarandre sine ungar.

2.3 Forlovarar

Ragnar Standal nemner også at remigrantane var populære som forlovarar. Eg har registrert alle giftemåla i Førde sokn i perioden 1910-1924, totalt 175 giftemål.

I ekteskapslova av 31. mai 1918 står det «*hver av brudefolkene skal stille en forlover, som paa ære og samvittighet skal erklære, at han nøie kjender vedkommende og oplyse, om parten tidligere har indgaaet egteskab, og om denne er saaledes beslegtet eller besvogret med den*

⁸³ Førsund 1992, side 315

⁸⁴ <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01036731002521>

*anden part som nævnt...»*⁸⁵ Ein forlovar skulle kjenne bruda eller brudgommen godt, noko det ikkje krav om for fadrar, så det blir ei anna rolle å vere forlovar enn å vere fadder.

Eitt av brudepara hadde tre forlovarar, så til saman har eg registrert 351 forlovar, og av dei er elleve kvinner. Sidan remigrantutvalet inneheld femten menn og ei kvinne og søskenutvalet inneheld ti kvinner og ni menn, kan eg ikkje samanlikne utvala slik dei er. Det ser ut til å vere så sjeldan at kvinner var forlovarar⁸⁶, at eg berre undersøker mennene i utvala.

Seks av dei femten remigrantane var forlovar til saman ni gonger. Fire av dei var forlovar når deira eigne døtre og søner gifta seg⁸⁷ Tre gonger var dei forlovar til brudepar som ikkje var i nær slekt, Rasmus Nilsen Skei var forlovar to gonger og Oliver Kristiansen Grimeland ein gong.

Berre to av dei ni søskena var forlovar, Josef Grimeland var forlovar to gonger når døtrene gifta seg, og Ole Olsen Bruland ein gong til dotra si.

2.4 Oppsummering

I perioden mellom 1910 og 1924 var dei seksten remigrantane fadrar 46 gonger, noko som gir eit snitt på 3,57 fadderskap pr. person, over dobbelt så mykje som dei heimeverande søskena som hadde 31 fadderskap fordelt på 19 personar. Ut frå det må vi kunne trekke slutninga at norsk-amerikanarane var meir populære som fadrar enn heimeverande søsken. Der er derimot ikkje noko forskjell på kven dei er fadrar for. Både dei heimeverande og remigrantane er i stor grad fadrar for slekt og naboar, og det er same grupperingane dei brukar når dei sjølve skal ha dåp. Dersom dei flytta frå plassen dei vaks opp, var det vanleg å ha fadrar både frå den gamle og den nye heimlassen.

To av dei som ikkje opplyste i teljinga at dei hadde vore i Amerika, var ganske populære som fadrar med tre og fire fadderskap, medan sistemann ikkje hadde nokon. Det var ein person til blant remigrantane som aldri var fadder (to av seksten), medan det var seks av nitten av søskena som aldri var fadrar. Utvalet er for lite til å trekke nokon slutningar frå det, diverre. Eg trur og utvalet er for lite til å trekke slutningar av om hovudpersonane var meir populære som forlovarar, men resultata kan tyde på det.

⁸⁵ Hodne, Hodne, Grambo, side 152

⁸⁶ Ingen av kvinnene i dei to utvala var forlovar nokon gong.

⁸⁷ Nr. 1 ein gong, nr. 3 tre gonger, nr. 18 ein gong og nr. 43 ein gong.

3 Sosial mobilitet

Sosial mobilitet tyder at ein går opp eller ned på den sosiale rangstigen. Ein kan skilje mellom to typar mobilitet, intragenerasjonsmobilitet (karrieremobilitet) som handlar om korleis ein person kan endre sin sosiale status gjennom livet, og intergenerasjonsmobilitet (generasjonsmobilitet), som handlar om forskjellar mellom foreldre og barn på same stadiet i livet.⁸⁸

Å måle sosial mobilitet er ikkje enkelt. Den variabelen som er mest presis og enklast å finne, er yrke. Det har vore laga ulike modellar for korleis yrka skal grupperast. Eit døme er Uppsala-metoden⁸⁹ som deler yrka i tre grupper, der forretningsmenn, landeigarar, høgare embetsmenn og akademikarar er i øvste gruppa. Mindre forretningsdrivande, handverksmeistrar, bønder og lågare embetsmenn er i midterste gruppa og i nedst finn vi arbeidarar, handverkarar, gardsarbeidararar og tenarar. Jørgen Modalsli deler yrka i fire grupper; høgare embetsmenn, gardbrukarar, manuelt arbeid som krev utdanning/trening og manuelt arbeid som ikkje krev utdanning.⁹⁰ Den vesentlege forskjellen mellom inndelingane, er at hos Modalsli har bøndene fått si eiga gruppe.

Å studere sosial mobilitet ut frå yrke kan virke bra i heterogene samfunn, det vil seie byar, men ikkje så bra i samfunn der dei fleste er bønder. Vi veit at det er forskjell på ein bonde på ein storgard og ein småbrukar, men med denne metoden vil forskjellen ikkje syne. Eit anna problem med metoden, er at det kan vere vanskeleg å fastslå kva status eit yrke hadde for hundre år sidan. Kva yrke hadde til dømes høgast status av bakar og skreddar? Persson testa Uppsala-metoden mot personar han visste hadde hatt ein positiv sosial mobilitet, men i fleire av tilfella dukka det ikkje opp.

I Førde fanst det rett nok ein del andre yrke enn bonde, men alle hovudpersonane kom frå ein gard, stor eller liten, så det er frå den vinkelen mobiliteten må undersøkast.

Eg skal analysere både intergenerasjonsmobilitet og intragenerasjonsmobilitet. Klarte hovudpersonane å oppretthalde same gardsstorleik som foreldra hadde, og får dei ein positiv sosial mobilitet gjennom livet? Eg vil prøve å måle den sosiale mobiliteten til remigrantane på litt forskjellige måtar. Først vil eg samanlikna storleiken på gardane til foreldra med

⁸⁸ <https://mangfold.cappelendamm.no/vgsamf/tekst.html?tid=1004349>

⁸⁹ Persson, side 31

⁹⁰ Modalsli, side 11

hovudpersonane og med søskena deira, deretter prøver eg ein litt justert versjon av Persson sin søskenmetode, før eg ser på kor belånt gardane var, både for hovudpersonar og søsken. Til slutt vil eg ta med litt anna informasjon om remigrantane, til dømes politiske verv for å sjå om det kan gjere biletet klårare.

3.1 Oppvekstgard - vaksengard

Ved hjelp av matrikkelen frå 1886 og 1907⁹¹ og pantebøkene⁹² har eg vurdert storleiken på gardane hovudpersonane reiste frå og kvar dei busette seg når dei kom heim. Eg har rangert storleiken på gardane ut frå skulda⁹³:

1. Gardar med skuld frå 0 til 1,99 er små gardar
2. Gardar med skuld frå 2-5,99 er mellomstore gardar
3. Gardar med skuld over 6 er store gardar

Tabellen under gir ei oversikt over kor hovudpersonane vaks opp og kor dei budde som vaksne.

Id	Oppvekstgard	Storleik	Vaksengard	Storleik	Endring
43	Fossen bruk 1	2	Klopstad bruk 1	3	1
62	Ramstad bruk 3	2	Ramstad bruk 3 + Flugedalen	3	1
1	Indrebø bruk 1 og 4	3	Indrebø bruk 1 og 4	3	=
33	Bruland plassen Leberget	1	Bruland bruk 23 og bruk 29	1	=
34	Erdalen bruk 1	2	Kirketeig bruk 2 og 3	2	=
72	Via bruk 17	2	Via bruk 17	2	=
75	Rotenes bruk 1	3	Rotenes bruk 1	3	=
76	Bruk 17 Sjøahola	1	Bruk 17 Sjøahola	1	=
78	Bruk 16 Meyerplassen	1	21/16 og 44	1	=
82	Indrebø pl. Ekrehaugen	1	Indrebø bruk 10	1	=
9	Botnatunet/Bakketun	1	Rotnes bruk 2 plassen Einestøl	1	=
3	Indrebø bruk 6	2	Indrebø bruk 2, 3 og 9	1	-1
4	Kvamsås bruk 1	2	Indrebø bruk 2, 3 og 9	1	-1
18	Grimeland 37-5	2	Kvamme 41-2	1	-1
29	Bruket	3	Bruland 14 og 43/5	2	-1
79	Grimeland bruk 5	2	Furebø bruk 8	1	-1

Tabell 13. Hovudpersonane sine gardar som barn og vaksne. Første kolonna er id-nummeret til hovudpersonen, så kjem garden han vaks opp på og rangering av storleiken på den. Neste kolonne syner kva gard han busette seg på som vaksen og storleiken på den. Siste kolonna syner om dei har gått opp (+1) eller ned (-1) i gardsstorleik, eller om det er uendra (=).

⁹¹ Norges matrikel, 1907.

⁹² Ganske ofte blei deler av garden frådelt slik at skulda blei endra, dette kan ein finne i pantebøkene.

⁹³ Sjå kapittel 1 om matrikkelen for grunngeving for inndelinga.

Som tabellen syner var det berre to av personane som kjøpte seg større gard når dei kom heim enn det dei reiste frå. Når det gjeld hovudperson nr. 62 overtok han garden han vaks opp på, og i 1923 kjøpte kona barndomsgarden sin frå broren. Eg har teke det med her, sidan det ser ut som dei var saman om det.⁹⁴

Ni personar kom tilbake til same storleik på garden som det dei vaks opp på, men her kan vi merke oss at hovudperson 33 og 82 vaks opp på husmannsplassar som dei kjøpte fri. Nr. 33, Matias Bruland, kjøpte plassen Leberget for 2800 frå gardseigaren i 1908. Han måtte også betale 250 kroner til foreldra for husa som sto der. I avtalen med gardeigaren står det at dersom det blei anlagt fabrikk i Brulandsfossen måtte Matias betale erstatning til han som eigde garden. Eg kan ikkje finne noko spor av at han betalte erstatning, men kraftverket i Brulandsfossen kom i 1914, og Matias fekk 800 kroner av Førde kommunale elektrisitetsverk for at dei skulle få legge rør over eigedomens hans. I 1920 har Matias fleire gonger annonse i avisa der han reklamerer for billeg fisk,⁹⁵ og 14. mars 1922 verdsette Førde herredsstyre Matias Bruland Sag og Mølle til kr 10000 og 2,5 skuldmark,⁹⁶ så det ser ut som han var ein driftig kar.

Nr. 82, Ludvig Indrebø kjøpte også ut barndomsheimen. Han måtte ut med 2600 kroner i 1907.

Kanskje burde desse to vore plasserte i gruppa som fekk ein større gard når dei kom heim fordi foreldra deira ikkje eigde garden dei budde på?

Ein annan ting som spelar inn her, er andre inntekter som kunne finnast på garden, slik som dømet med Matias og kraftverket. Nr. 29, Helge Bruland vaks opp på ein stor gard på Bruket i Angedalen og busette seg på ein tilsynelatande mindre gard på Bruland. Kanskje er skulda på garden misvisande, for av lokalkjende blir dette omtalt som ein bra gard. I tillegg hadde garden fiskerettar i Førdeelva som kunne leigast ut. Helge leigde ut fiskerettane sine til Thorvald Beyer⁹⁷ i to tjueårsperiodar frå 1908 til 1948. Nr. 72 Rasmus Vie leigde ut fiskerettar og jaktrettar på hare til same mann.

⁹⁴ Førund 1990, side 615: Som brukarar på Flugedalen frå 1923-1943: «Nils Kristoffer Rasmusson f. 1869..... Gift 1898 med Olianna Mari Eiriksdotter Flugedalen, f. 1870 d. 1964. Dei budde på Stranda, bruk 3 på Ramstad og dreiv Flugedalen derfrå.»

⁹⁵ Firda 22.05.1920

⁹⁶ Firda 25.03.1922

⁹⁷ Fylkesarkivet/sportsjournalar frå Bruland

Nr. 9 Andreas Rotenes vaks opp på ein husmannsplass og når han kom heim busette han seg på ein annan husmannsplass som kona eigde, så han var den einaste av desse seksten som ikkje eigde garden sin sjølv.

Nr. 76 Rasmus Schei kjøpte bruk 21/17 av faren for 2800 i 1909, og i 1917 selde han bruket vidare til Førde kommune for 16000. Dette er ein svimlande sum for dette bruket som var verdsett til 0,71 skuldmark, og stort sett var eit hus med ein jordfleck rundt. Året etter selde kommunen bruket vidare for 10500 kroner. Eg veit ikkje sikkert kvifor kommunen ville ha eigedommen, men eg går ut frå det kan ha noko med vegen mellom Førde og Naustdal som var under arbeid på denne tida. I dag går vegen rett forbi huset, så eg kan tenke meg han blei kjøpt ut for at dei skulle få lagt vegen der, og så selde kommunen garden vidare når vegen var på plass⁹⁸.

Dersom vi berre ser på skulda, var det fem personar som busette seg på mindre gardar enn dei reiste frå, men det var nok ikkje alltid slik at inntektsmoglegheitene var mindre på desse gardane.

Nr. 18 Erik Grimeland var skytebas i Amerika, men når han kom heim arbeidde han som gråsteinsmurar på ymse vegprosjekt i området, så sjølv om han gjekk ned i gardsstorleik når han kom heim, greidde han seg truleg godt.⁹⁹ Nokon av murane han har laga, kan ein sjå også i dag,¹⁰⁰

Om vi berre ser på dei tre som ikkje var registrerte som tilbakevandra i folketeljinga (nr. 34, 62 og 75), ser vi at to av dei kom tilbake til det same som dei reiste frå, medan sistemann gjekk frå mellomstor til stor gard.

Dersom eg skal ta omsyn til lokalkunnskap og kjennskap til desse personane, vil eg først og fremst flytte dei to som kjøpte ut husmannsplassane opp i gruppa blant dei som fekk ein større gard når dei kom heim. Då er det fire personar som gjorde det betre, sju som hadde ein uendra situasjon og fem som gjorde det dårlegare ut frå storleiken på garden. Vi veit at dette ikkje stemmer heilt, både nr. 29 og nr. 18 greidde seg bra med garden sin og tilleggsnæringar. Nr. 76 greidde seg også bra fordi han hadde ein gard som låg i sentrum, og der kommunen trengte grunnen, men dette må reknast som tilfeldigheter.

⁹⁸ Har leita i pantebøker og spurt kommunen, men dei hadde ikkje noko svar.

⁹⁹ Firda, 26.08.1938: Førde skattelikning, han har 0-550-25 og dette er ganske høgt samanlikna med dei andre på lista.

¹⁰⁰ Vegen mellom Førde og Naustdal i Hundvebakkegjelet

Eg har valgt å berre samanlikne med dei mannlege søskena. Meir om dette i kapittel 3.2.3 om kvinner.

Her er same tabellen for dei mannlege søskena.

Id	Hp id	Oppvekstgard	Storleik	Vaksengard	Storleik	Endring
1386	4	Kvamsås bruk 1	2	Tjønneland bruk 3	2	=
118	9	Erdalsdalen plassen Botnatunet (seinare bruk 3)	1	Erdalsdalen Botnatunet, seinare bruk 3 Bakketun	1	=
288	18/79	Grimeland bruk 5	2	Grimeland bruk 5	2	=
392	29	Bruket bruk 1	3	Bruket bruk 1	3	=
458	33	Bruland plassen Leberget under bruk 15	1	Klopstad bruk 3 og 5	1	=
739	43	Fossen bruk 1	2	Fossen bruk 1	2	=
1597	76	Skei bruk 17 Sjøahola	1	Skei bruk 8 Ysttun	1	=
289	18/79	Grimeland bruk 5	2	Grimeland bruk 7	1	-1
396	29	Bruket bruk 1	3	Bruland bruk 4	2	-1

Tabell 14. Søskena sine gardar som barn og vaksne. Tabellen er identisk med tabellen over hovudpersonane, tabell nr. 7, bortsett frå eg har sett inn ei kolonne ekstra som syner kva hovudperson dei er knytte til.

Av dei ni mennene som var søsken til hovudpersonane var det sju som busette seg på ein gard som var like stor som oppvekstgarden og to på ein mindre gard. To av dei kjøpte ut husmannsplassane dei vaks opp på, så også her er det to som truleg burde vore flytta opp til dei som gjorde det betre.

Johan Kvamsås (1386), broren til Nikoline, budde truleg på Tjønneland frå han gifta seg i 1915, men kona overtok garden først i 1931, fem år etter at han var død. Johan var yngste barnet på garden på Kvamsås. Garden gjekk ut av den næraste slekta når eldste broren emigrerte til Amerika når Johan var seks år gammal.

Om eg reknar prosent på dei opprinnelege tabellane får eg fylgjande resultat:

Hovudpersonane: 13 % gjorde det betre, 56% sto på staden kvil og 31% gjorde det dårlegare.

Søskena: 78 % sto på staden kvil og 22% gjorde det dårlegare.

Om eg justerer for dei som kjøpte ut husmannsplassane blir resultatet:

Hovudpersonane: 25 % gjorde det betre, 44% sto på staden kvil og 31% gjorde det dårlegare.

Søskena: 22% gjorde det betre, 56 % sto på staden kvil og 22% gjorde det dårlegare.

Ut frå den siste reknestykka gjekk det samla sett dårlegare med remigrantane enn med søskena deira.

Berre ni av hovudpersonane hadde mannlege søsken som budde i Førde i perioden. Om eg samanliknar gardsstorleik med søskena får eg denne tabellen:

	Endring		Endring
Hp	hovudpersonar	Søsken	søsken
4	-1	1386	=
18	-1	288	=
18		289	-1
29	-1	392	=
29		396	-1
79	-1	288	=
79	-1	289	-1
43	1	739	=
9	=	118	=
33	=	458	=
76	=	1597	=

Tabell 15. Endring hovudpersonar og søsken.

Denne tabellen støttar inntrykket av at det gjekk dårlegare med dei som hadde vore i Amerika, enn dei som kom heim.

Det kan verke som ei enkel løysing å samanlikne gardsstorleiken med foreldra sin, men vi ser at metoden ikkje gir eit truverdig resultat. Den tar ikkje omsyn til andre inntekter personen kan ha, og heller ikkje informasjon om husmannsplassar som blei kjøpte fri. Dessutan var det er ikkje slik at ein person arva alt frå foreldra og kunne bruke arva pluss det han sjølv hadde spart opp til å kjøpe seg ein gard. Persson sin søskenfaktor kjem inn her, og eg vil vurdere mobiliteten med denne metoden.

3.2 Skattemetoden (søskenfaktor)

I boka *Coming full circle* undersøker Magnus Persson den sosiale mobiliteten blant remigrantar på Bjäre-halvøya¹⁰¹ i perioden 1860-1930.

Persson diskuterer ulike metodar å måle ein person sin sosiale mobilitet, mellom anna Uppsala-metoden der ein ser på yrke.

Persson konkluderer med at ein må ta omsyn til ein rekke faktorar når ein skal slå fast om ein person har gått opp eller ned sosialt: Talet på søsken, aldersforskjell mellom søskena, aldersforskjell mellom barn og foreldre, fysisk og mental helse på søsken og foreldre, om søskena gifta seg osv. Desse faktorane er spesielt viktige når ein skal fastslå ein person sine

¹⁰¹ Bjäre ligg i Skåne, mellom Halmstad og Helsingborg.

sjansar til å ta over garden¹⁰². Sidan Norge har odell, blir nok ikkje alle desse faktorane like viktige i Norge som i Sverige. Normalt var det eldste guten som overtok garden om han ønskte det, og om ikkje gjekk tilbodet vidare til den neste i odelsrekkefølga.

Persson brukar begge metodane i arbeidet sitt, Uppsala-metoden i heterogene samfunn og skattemetoden for homogene samfunn.

Han skriv at folketalet på Bjärehalvøya vaks voldsomt på 1800-talet slik det gjorde i heile Sverige. Mange barn av sjølvveigarar sank sosialt fordi det ikkje fantes gardar dei kunne ta over. Han seier at det pågjekk ein proletariseringssprosess og at tilbakemigrasjonen er ein viktig faktor i å stoppe denne prosessen. På slutten av 1800-talet endra situasjonen seg. Då var det så mange heile søskenflokkar som hadde emigrert at mange gardar gjekk på det opne marknaden fordi det ikkje lenger var nokon i nær familie som kunne ta over.

Skatteverdien av gardane blir brukt som grunnlag for studiet av bøndene. Verdien på garden blei delt på søskena og den som skulle overta måtte kjøpe ut søskena sine.

Persson måler den sosiale mobiliteten ved å bruke skatteverdien på garden på eit gitt tidpunkt. Når arva skulle fordelast fekk alle søskena lik sum, og den som skulle overta garden måtte kjøpe ut søskena sine. Han tenker at når ein person arva til dømes ein femtedel av verdien på garden, men likevel klarte å kjøpe den, hadde han i praksis ein positiv sosial mobilitet.

Sjølv om Norge og Sverige er like på mange måtar, kan vi ikkje overføre Persson sin metode direkte over på norske tilhøve. Eg vil drøfte dei viktigaste forskjellane og grunngje korleis og kvifor eg har tilpassa metoden til norske tilhøve.

3.2.1 Verdi på garden

Persson hadde tilgang til skatteverdien på garden og har brukt den for å rekne ut arv. I Norge blei det innført inntekts- og formueskatt i 1882, men eg har ikkje hatt tilgang til skattelistene¹⁰³, så det har ikkje vore mogleg å bruke same talgrunnlag som Persson.

Matrikkelen er eit eigedomsregister som tidlegare blei brukt som grunnlag for å rekne ut skatten. I dag blir den oppdatert kontinuerleg, men før kom det nye matriklar med ujamne mellomrom.¹⁰⁴ Allereie i 1818 blei det påbegynt ein større revisjon av matrikkelen som då

¹⁰² Persson, side 127.

¹⁰³ Bortsett frå ei og anna der deler blei trykt i avisa.

¹⁰⁴ Digitalarkivet, eiendom og tinglysing 2017.

ikkje hadde vore fullstendig revidert på eit par hundre år. Arbeidet var ferdig i 1838, men synte seg å vere for dårleg. Forarbeida til den nye matrikkelen starta allereie på 1860-talet, og målet med skuldsetjinga var å sette eit mål på kor mykje ein kunne vente å tene på garden og ut frå det bestemme korleis gardane skulle skattleggast. I matrikkelen for 1886 var det første gong ein tok i bruk gards- og bruksnummer. Skulda blei oppgitt i mark og øre. Gardane i Norge har vore rangerte etter matrikkelskuld heilt tilbake til 1600-talet, og først i 1980 blei lov om skulddeling erstatta av delingslova. På slutten av 1800-talet blei det innført inntekts- og formueskatt, og matrikkelen slutta å vere eit grunnlag for å rekne ut skatt, og blei eit eigedomsregister.¹⁰⁵ Matrikkelskulda rangerte gardane etter visse kriterier, slik at dei gardane med høgast inntektsmoglegheiter betalte mest skatt.¹⁰⁶ I 1886 blei det bestemt at verdien på heile landet var 500 000 skuldmark og alle gardane fekk ein del av dette.¹⁰⁷ Sidan matrikkelskulda er ei rangering av gardane opp mot kvarandre, og sidan den er felles for heile landet, brukar eg den i mine reknestykke. Det er ikkje sikkert den ville ha samsvart med skatteverdien, men den syner i alle fall det berekna potensialet på garden¹⁰⁸. Når vi skal dele ut skuldverdien på gardane, blir tala svært små. Dersom ein gard med ein verdi på 0,71 skuldmark blir fordelt på fem søsken får kvar ein verdi på 0,14 skuldmark. Det er litt vanskeleg å forholde seg til tala, både fordi dei blir så små og fordi vi er vant med å rekne i kroner og øre. Statistisk sentralbyrå ga ut Statistisk årbok frå 1880 til 2013, og i desse finn vi gjennomsnittsverdi pr. skuldmark etter sal pr. år pr. amt/fylke.¹⁰⁹ Eg har brukt verdiane i desse årbøkene til å rekne ut kroneverdien på garden på det aktuelle tidspunktet.

Det norske jordbruket hadde ei rivande utvikling frå 1860-talet og framover. Betre kommunikasjonar og meir mekanisering førte til at jordbruket endra seg frå å vere mest for sjølvberging, til å blir meir marknadsorientert. Bøndene samla seg i samyrkelag for å starte meieri og slakteri, dei leigde ut jakt- og fiskerettar og fant andre inntektskjelder på garden som ikkje var med i grunnlaget for matrikkelen. Dette tyder at å bruke matrikkelen som grunnlag for verdien på gardane, kan vere problematisk fordi den ikkje syner verdien på den tida eg studerer, men 50-60 år tidlegare akkurat når jordbruket starta å endre seg. Eg har likevel valt å bruke den fordi den er eit lett tilgjengeleg mål på gardane.

¹⁰⁵ Lokalhistoriewiki/Matrikkelen 1886 besøkt 03.03.2019

¹⁰⁶ Gerdrup, side 10

¹⁰⁷ Store norske leksikon.no/matrikkelskyld

¹⁰⁸ Slik det var i 1860-åra.

¹⁰⁹ Døme: <https://www.ssb.no/a/histstat/aarbok/1910.pdf> side 27

3.2.2 Odel og åsete

Arvereglane i Sverige og Norge er og var ulike, og dette må det takast omsyn til i reknestykket.

Fram til midten av 1800-talet hadde Sverige noko som svarar til vår odelslov, börsrett. Denne saman med ei bestemming om at søner arva dobbelt så mykje som døtre, gjorde at gardane blei i slekta.¹¹⁰ Frå 1845 arva søner og døtre like mykje, og i 1863 blei börsretten avskaffa og tidlegare restriksjonar på korleis ein gard kunne delast, forsvann. Ein kunne forvente at dette ville føre til at bandet mellom garden og slekta blei svekka, men slik gjekk det ikkje. Andelen gardar som blei selt ut av slekta auka rett nok på 1900-talet¹¹¹, men fortsatt gjekk dei fleste gardane i arv.¹¹² På 1800-talet var det kjernefamilien som dreiv garden, men på 1900-talet blei det meir vanleg at to eller fleire ugifte søsken dreiv garden saman. Ein av årsakene til dette må vere at det blei økonomisk vanskeleg å kjøpe ut dei andre søskena.¹¹³

I Norge har vi hatt odelslover attende til Gulatingslova. Første gongen åsetesretten blir nemnd er i Magnus Lagabøte si landslov frå 1274.¹¹⁴ På 1800-talet var det mange som arbeidde for å ta vekk odelslova medan det var mindre strid om åsetesretten. I 1854 vart arvelova endra slik at kvinner arva like mykje som menn¹¹⁵, men først i 1974 fekk kvinner odelsrett på lik linje¹¹⁶ med menn.¹¹⁷

Når gardar går i arv er det viktig at den som tek over får kjøpe garden til ein pris som gjer at han har råd til å drive garden etterpå. Åsetesprinsippet skal sikre dette, og blir brukt når neste generasjon overtek garden. I odelsloven § 56 står det at «...*det ved skjøn blir fastsett ein overtakingspris som er rimeleg etter dei tilhøva som ligg føre. Verdsetjinga skal gjerast med særleg tanke på at overtakaren skal makte å bli sitjande med egedomen.*». Åsetes- og odelsretten er ikkje alltid samanfallande, det er berre siste eigar sine livsarvingar (barn og

¹¹⁰ Dackling, side 2.

¹¹¹ Dette kan også forklarast med at heile søskenflokkar reiste til Amerika og at det ikkje var nokon igjen som kunne arve garden.

¹¹² Dackling, side 4.

¹¹³ Dackling, side 4

¹¹⁴ Norseng, side 342.

¹¹⁵ Norseng, side 358

¹¹⁶ I 1974 gjaldt det kvinner og menn fødd etter 1965, i 2009 blei lova utvida til å gjelde alle uansett fødselsår.

¹¹⁷ Regjeringa.no/Odel

barnebarn) som kan krevje åsetesrett og den kan berre nyttast ved dødsbuskifte.¹¹⁸ Det vil seie at om nokon av personane eg undersøker har overteke garden til foreldre eller besteforeldre når dei døde, må ein ta omsyn til at dei kan ha kjøpt garden for ein billegare pris enn det marknadsverdien skulle tilseie.

I utvalet mitt er det fire personar som har odal (er eldste sonen) på garden dei vaks opp på, dette gjeld Adolf Indrebø (1), Andreas H. Rotenes (9), Nils Ramstad (62) og Bendik J Rotenes (75). Ein av desse Andreas H. Rotenes, tok ikkje over garden han vaks opp på, det gjorde den fem år yngre broren hans Johannes som var neste i rekka. Andreas gifta seg med ei atten år eldre enke (mor til hovudperson nr. 75 Bendik J. Rotenes) og flytta til husmannsplassen Einestølen. Bygdeboka plasserer han på Einestølen frå 1900 til 1950, men det stemmer ikkje heilt, for han er registrert som ugift når han reiser ut i 1902. Ved folketeljinga i 1910 er han på Einestølen. Faren hans dreiv Rotenesbakken fram til 1925.

Far til Adolf (nr. 1), Bertel Indrebø, selde bruk nr. 2 på Indrebø til Anders Indrebø i mars 1900. I kontrakta står det at om Adolf kjem heim frå Amerika innan 15. mai og vil bruke odelsretten, skal Anders ha erstatning for utført arbeid på garden. I følge folketeljinga var Adolf i Amerika frå 1892 til 1899, men ut frå emigrantprotokollen¹¹⁹ og panteboka¹²⁰, kan vi trygt plassere han i Amerika frå 1893 til 1900. Om han kom heim før 15. mai, veit eg ikkje, men det ser ikkje ut som han har hevda odelsretten sin på dette bruket. Det var Bertel som selde Indrebø bruk 10 til hovudperson nr. 82, Ludvig Indrebø også.

Tre personar som ikkje hadde best odal overtok også garden dei vaks opp på, Rasmus J. Vie (72), Rasmus N. Skei (76) og Ludvig E. Haugsvær (78). Rasmus J. Vie var nummer to i arverekkefølga til garden, og den eldste broren hans reiste til Amerika. Rasmus Skei hadde to eldre brødre, den eine døde ung og den andre gifta seg to gonger og budde i Bergen, i fylgje bygdeboka. Ludvig hadde ein eldre bror, Eilert, men bygdeboka nemner ikkje noko om kor han blei av.

¹¹⁸ Regjeringa.no/Odal

¹¹⁹ <https://www.digitalarkivet.no/view/8/pe0000000688136>. Besøkt 26.11.2019

¹²⁰ <https://media.digitalarkivet.no/view/11895/440> besøkt 26.11.2019

Nr		Vaksne søsken	Nr. i søskenflokk	Odel
1	Overtok garden han vaks opp på	6	2	Ja
3	Busette seg på anna gard som vaksen	9	7	Nei
4	Busette seg på anna gard som vaksen	8	4	Nei
9	Busette seg på anna gard som vaksen	7	4	Ja
18	Busette seg på anna gard som vaksen	4	3	Nei
29	Busette seg på anna gard som vaksen	3	2	Nei
33	Vaks opp på husmannsplass, tok over utskilt som eige bruk	8	3	Nei
34	Busette seg på anna gard som vaksen	5	6	Nei
43	Busette seg på anna gard som vaksen	3	3	Nei
62	Overtok garden han vaks opp på	6	2	Ja
72	Overtok garden han vaks opp på	4	2	Nei
75	Overtok garden han vaks opp på	3	3	Ja
76	Overtok garden han vaks opp på	3	3	Nei
78	Overtok garden han vaks opp på	2	3	Nei
79	Busette seg på anna gard som vaksen	4	5	Nei
82	Vaks opp på husmannsplass, flytta til anna bruk	7	2	Nei

Tabell 16. Tabellen syner om hovudpersonane hadde odel på garden dei busette seg på som vaksne, kva nummer dei var i søskenflokk og kor mange av søskena som vaks opp.

Id	Hp id		Vaksne søsken	Nr. i søskenflokk	Odel	Merknad
1386	4	Busette seg på anna gard som vaksen	8	10	Nei	Kona kjøpte garden etter at han var død
118	9	Overtok garden han vaks opp på	7	6	Nei	
288	18/79	Overtok garden han vaks opp på	4	2	Ja	
289	18/79	Busette seg på anna gard som vaksen	4	4	Nei	
392	29	Overtok garden han vaks opp på	3	1	Ja	
396	29	Busette seg på anna gard som vaksen	3	5	Nei	
458	33	Busette seg på anna gard som vaksen	8	2	Ja	Vaks opp på husmannsplass
739	43	Overtok garden han vaks opp på	3	2	Ja	
1597	76	Busette seg på anna gard som vaksen	3	4	Nei	

Tabell 17. Søsken og odel.

Av søskena var det også fire som hadde odel. Nr. 458, Henrik Bruland, hadde odel på ein husmannsplass, men busette seg ein annan stad som vaksen. Johannes Henriksen Erdalsdal (118), var ikkje eldste sonen på husmannsplassen Botnatunet i Erdalsdalen, men det var likevel han som overtok garden.

For å slå fast om eg skal ta omsyn til åsetesretten, må eg finne ut om dei som kjøpte gardar dei hadde odel på gjorde det medan faren var i live. Nr. 1 Adolf, overtok garden same år som faren hans døde. Faren til nr. 75, Bendik, og nr. 72, Rasmus Vie, døde fleire år før dei tok over garden. Når det gjeld nr. 78, Ludvig Haugsvær, er eg usikker. I bygdeboka er det mora, Synnøve Kristine Krohn frå Bergen som står som eigar av garden frå 1881 til Ludvig overtek i 1891. Mest truleg var faren død, så eg går ut frå det heretter. Synnøve døde i 1897. Når det gjeld nr. 76, Rasmus Schei, er det feil i bygdeboka. Det står der at faren hans døde i 1919,

men det stemmer ikkje, han døde i 1910.¹²¹ Rasmus overtok garden i 1909, så her var det uansett ingen åsetesrett.

Blant dei fire søskena som tok over gardar på odell, overtok alle medan faren levde.

Eg har funne dødsåret til faren og overtakingsår på garden i bygdeboka, og der det ser greitt ut¹²², har eg ikkje dobbelsjekka det mot listene over døde eller frå Digitalarkivet eller mot panteboka.

3.2.3 *Kvinner*

Persson valde å sjå på næraste mannlege slektning (far eller ektemann) for å slå fast ei kvinne sin sosiale mobilitet. Ei kvinne kunne altså berre ha ein positiv sosial mobilitet om ho gifta seg med rette mannen som (tilfeldigvis) hadde ein større gard enn faren hennar. Metoden er slett ikkje optimal, sidan det er svært tvilsomt å bedømme ein person ut frå ein annan person. Sidan kvinner stilte langt bak i odelsrekka, var det sjeldan dei hadde sjanse til å skaffe seg ein gard utan ein mann. Kvinnene blir dermed samanlikna på eit grunnlag som dei hadde liten sjanse til å gjere noko med. I staden for å sjå på kvinner saman med menn, burde ein kanskje rett og slett sjå på ektepara saman. Det er rimeleg å tru at begge ektefellene si arv gjekk inn i samlivet. Då vil ein ikkje måle mobiliteten til ein og ein person, men i staden eit og eit ektepar. Eg trur det ville gitt eit rettare bilete av situasjonen.

I mitt utval av hovudpersonar er det berre med ei kvinne, og hennar næraste mannlege slektning er også med i utvalet, så eg har gjort det same som Persson, og sett på dei to saman, men av årsakene ovanfor har eg valt å ikkje ta dei kvinnelege søskena med i samanlikningsgrunnlaget.

Korleis ein skal måle mobiliteten på kvinner åleine er eit spørsmål som eg ikkje har noko svar på. Kvinnene gjer svært lite utav seg i kjeldematerialet, dei eigde ikkje gardar og blei ikkje omtalte i avisene. Sjølv når Nikoline Indrebø døde og fekk nekrolog i Firda¹²³, handla den for det meste om mannen og slektningane hennar. Kanskje må vi akseptere at det er vanskeleg å

¹²¹ <https://www.digitalarkivet.no/view/267/pg00000000944304>. Besøkt 26.10.2019.

¹²² Førsund 1992 side 145: «Ole Olson f. 1824 på Angedal. Gift 1. 1861 med Nikoline Abrahamsdotter f. 1840 på Terva, d. 1868 i Bruket av nervefeber». Ut frå denne formuleringa er det vanskeleg å vite om det var Ole eller Nikoline som døde i 1868, så her sjekka panteboka for å sjå kven som skøyte over garden i 1888.

¹²³ Firda 29.06.1940

måle sosial mobilitet for husmødre og gardbrukarkoner, heller enn å prøve å presse dei inn i eit måleskjema som ikkje passar?

3.2.4 Andre faktorar

Persson nemner også andre faktorar som kan påverke ein person sin sjanse til å ta over graden: Talet på søsken, aldersforskjell mellom søskena, aldersforskjell mellom barn og foreldre, fysisk og mental helse på søsken og foreldre, om søskena gifta seg osv.¹²⁴.

Talet på søsken er sjølvsagt viktig, til fleire søsken, til fleire å dele arva med. Aldersforskjell mellom foreldre og barn er også noko som kan påverke kven som tek over garden. Dersom foreldra får barn tidleg, vil barna trenge ein stad å bu før foreldra er klare til å flytte i kårhuset. Om det er stor aldersforskjell mellom søskena, kan ein få situasjonar der eldste broren ikkje ynskjer å bruke odelsretten, medan nestemann i rekka er for ung til å overta.

3.2.5 Sosial mobilitet

	Skuldmark	Faren død	Kjøpt	Berekna verdi	Søsken som	Del av	kjøpesum	Prosentvis	
Id	oppvekstgard	år	gard	oppvekstgard	arva inkl	arv	vaksengard		Merknad
		dødsår/kjopsår							
1	6,19	1910	1910	12 392	7	1 770	3700	209	Odel og åsete
3	4,36	1898	1901	6 666	10	667	4400	303	
4	4,24	1891	1901	7 060	9	784	4400	303	
9	0,8 Plass	1927		3 162	8	395	0		
18	4,2	1889	1896	5 506	5	1 101	1825	166	
29	6,7	1902	1898	10 244	4	2 561	7000	273	
33	0,38 plass	1928	1908	679	9	75	5200	6 892	
34	4,49	1911	1910	8 989	6	1 498	5200	347	
43	3,03	1926	1895	4 542	4	1 135	6500	572	
62	4,66	1926	1904	19 114	11	3 953	18800	476	
72	2,67	1897	1902	4 301	5	860	3000	349	Odel og åsete
75	10,32	1887	1929	15 305	4	3 826	4000	105	Odel og åsete
76	0,71	1910	1909	1 232	4	308	3500	1 136	Odel
78	0,21	1897 (mor)	1891	350	3	117	3600	3 086	Odel og åsete
79	4,2	1889	1910	5 506	5	1 101	700	64	
82	Plass	1929	1907		8		2600		

Tabell 18. Tre av hovudpersonane vaks opp på ein husmannsplass. Skuldmarka for plassen som eg har sett opp her, gjeld når plassen blei kjøpt fri, for først då blei den skuldsett. Husmannsplassen som nr. ni vaks opp på blei fråskilt i 1945, så her er det mange år mellom hendingane. Plassen til nr. 33 vart fråskilt til han i 1908. Eg kan ikkje finne at Ekrehaugen på Indrebø nokon gong blei skilt frå, så der veit eg ikkje skulda på noko tidspunkt. I kolonna «berekna verdi oppvekstgard» har eg brukt skuldmarkverdien frå faren sitt dødsår i tilfelle der han var død før hovudpersonen kjøpte seg ein gard. Når faren levde når hovudpersonen kjøpte gard, har eg brukt skuldmarkverdien for kjøpsåret for å rekne ut arva. I kolonna «kjøpesum vaksengard» står summen dei betalte for garden henta frå pantebøkene. Fleire av desse personane kjøpte fleire bruksnummer seinare. Alt er slått saman her. Kolonna som heiter «prosentvis», syner kor mange prosent arva måtte auke for at dei skulle få kjøpt garden sin.

¹²⁴ Persson, side 127.

Merk at når det gjeld person nr. 3 og 4, ekteparet Anders og Nikoline, har eg lagt saman arva deira. Anders arva kr 667 og Nikoline kr 784 som dei brukte på å kjøpe garden sin for kr 4400.

Nr. 62, Nils Ramstad, kjøpte først Ramstad bruk 3 og seinare kjøpte kona Flugedalen bruk 1. Nils sin del av arv var kr 1100 og kona sin 2853. Dei betalte kr 2800 for Ramstad og 16000 for Flugedalen. Eg har lagt saman både arva og kjøpesummane i tabellen.

Garden til nr. 75 blei taksert til kr 5000¹²⁵, og selt for 4000, så her har åsetesprinsippet slått inn. Det er berre for denne garden det er nemnt noko om takst.

Gjennomsnittleg auke for desse personane er 1020%, altså at dei i snitt har kjøpt gardar for ti gonger arva dei har fått, men her er det tre personar som dreg snittet veldig mykje opp, det er nr. 33 med nesten 7000% , nr. 76 med 1000% og nr. 78 med 3000%. Nr. 33 er Matias Bruland som kjøpte fri husmannsplassen han vaks opp på og starta sag og mølle i Brulandselva.

Matias kjøpte husmannsplassen til foreldra i 1908, og i 1923 kjøpte han bruk nr. 29 også. Begge bruka er med i summane i tabellen ovanfor. Nr. 76 er Rasmus Schei som kjøpte garden av foreldra og selde den dyrt vidare til Førde kommune. Sistemann med svært høg vekst er Ludvig Haugsvær som også har kjøpt garden dyrt om vi går ut frå den berekna verdien på garden. Dei to siste er sentrumsgardar, og det spørst om ikkje skuldverdien som blei sett rundt femti år tidlegare var utdatert på dette tidspunktet. Sentrum vaks, og verdien på jorda som låg der blei også høgare. Matias Bruland sin eigedom blei skuldsett når han kjøpte den i 1908.

Dersom eg reknar prosentvis auke blant dei andre, blir den 286%. Berre Oliver Grimeland (nr. 79) arva meir enn han brukte på å kjøpe seg ein gard. Han betalte fire hundre av kjøpesummen på sju hundre kroner kontant utan låneopptak¹²⁶ og alt var nedbetalt sju år seinare,¹²⁷ men då hadde han teke opp to lån på til saman 460 kroner.

¹²⁵ <https://media.digitalarkivet.no/view/12065/118>

¹²⁶ Det er i allefall ikkje innført noko i panteboka

¹²⁷ <https://media.digitalarkivet.no/view/11899/533>

	Hp	Skuldmark	Faren død	Kjøpt	Berekna verdi	Søsken som				
id	id	oppvekstgard	år	gard	oppvekstgard	arva inkl	Del av	kjøpesum	Prosentvis	
					dødsår/kjøpsår	hovudperson	arv	vaksengard		Merknad
1386	4	4,24	1891		7 060	9	784			
118	9	0,8 plass	1927	1925	3 162	8	395	3 500	886	Odel
288	18/79	4,2	1889	1883	5 506	5	1 101	2 000	182	Odel
289	18/79	4,2	1889	1883	5 506	5	1 101	400	36	
392	29	6,7	1902	1888	10 244	4	2 561	3 200	125	Odel
396	29	6,7	1902	1888	10 244	4	2 561	5 235	204	
458	33	0,38 plass	1928	1901	679	9	75	3 600	4 800	
739	43	3,03	1926	1904	4 542	4	1 135	3 200	282	Odel
1597	76	0,71	1910	1904	1 232	4	308	6 333	2 056	

Tabell 19. Sosial mobilitet. Skattemetoden.

Gjennomsnittleg auke for søskena er 1071%. Det ser altså ut som at søskena klarte seg marginalt betre enn remigrantane. Også her er det tre personar som dreg snittet kraftig opp. Det er dei to som kjøpte fri husmannsplassar (nr. 118 og 458) og Peder Schei (nr. 1597) som kjøpte ein gard i sentrum. Om eg tar vekk dei tre, blir snittet blant dei andre 166%. Også i dette utvalet er det berre ein person som har ein negativ sosial mobilitet, og det er broren til Oliver, Andreas Grimeland. Han kjøpte seg ein husmannsplass på Grimeland.

Om eg samanliknar resultatet med denne metoden med det eg fekk når eg samanlikna storleiken på gardane frå barn til vaksen, så stemmer det ganske bra overens for dei som gjorde det betre. Dei to som kjøpte seg større gard enn dei vaks opp på, nr. 43 og 62 har også med denne metoden ein stor auke på hhv. 572 og 476 %. Når det gjeld dei to som eg ville flytte opp i gruppa som hadde fått større gard, nr. 33 og 82, så er det nr. 33 som har høgast auke av alle med nesten 7000%. Nr. 82 får eg diverre ikkje målt av di eg ikkje fant skulda på garden hans. Av dei fem som fekk ein mindre gard (nr. 3, 4, 18, 29 og 79) er det berre nr. 79 som viser med skattemetoden, og dette stemmer jo overens med Persson sine teoriar om at ein må ha ein positiv sosial mobilitet for å oppnå same gardsstorleik som foreldra.

For søskena sin del var det opprinneleg ingen som hadde gått opp i gardsstorleik, men dei to som kjøpte ut husmannsplassane er to av dei tre med høgast auke. Ein av dei som hadde gått ned i storleik på garden har ein auke på over to hundre prosent, medan den andre er Andreas Grimeland som syner ein negativ sosial mobilitet med begge metodane.

3.3 Lån

Utvandringskomiteen skreiv i 1915 at på grunn av remigrantane var gardane mindre belånt enn tidlegare, så eg ynskte å sjå om det var noko forskjell på belåningsgrad mellom hovudpersonane og søskena deira.

Id	Kjøpesum	Lånt i samband med kjøp	Lånt seinare	Sum lån	Tal på lån	Tidsperiode seinare lån	Lån i prosent av kjøpesum
1	3 700	2 500	7 136	9 636	7	1918-1922	260
3	4 400	550	1 550	2 100	2	1908	48
4	Som nr. 3			0			
9				0			
18	1 825	1 000		1 000	1	1923-1939	55
29	7 000			0	0	1915-1925	0
33	5 200	1 200	5 200	6 400	7	1911-1924	123
34	5 200		4 200	4 200	4	1923-1924	81
43	6 500	6 000	1 100	7 100	3	1916-1935	109
62	18 800		9 200	9 200	2	1919	49
72	3 000		2 570	2 570	3	1898-1950	86
75	4 000		1 000	1 000	1	1919	25
76	3 500			0	0		0
78	3 600	2 060	13 200	15 260	10	1898-1950	424
79	700		460	460	2	1911-1914	66
82	2 600		1 300	1 300	4	1909-1929	50
	70 025	13 310	46 916	60 226	46		

Tabell 20. Hovudpersonane sine lån på garden. Kolonna kjøpesum syner kor mykje dei totalt betalte for garden sin. Ein del av dei kjøpte fleire bruksnummer etter kvart, så det er ikkje alltid dei har betalt heile summen med ein gong. Neste kolonne syner lån tatt opp same år som dei kjøpte garden, og kolonna etter syner samla lånesum tatt opp seinare. Neste kolonne syner kor mange lån dei tok opp og til slutt kva tidsrom låna som ikkje blei tekne opp i samband med kjøp blei tekne opp.

Denne tabellen syner kor mykje hovudpersonane lånte på garden sin. Tala er henta frå pantebøkene, så ikkje tinglyste fordringar er ikkje med. Utanom eit par privatpersonar og Naustdal sparebank er så godt som alle låna opptekne i Førde sparebank.

Åtte av hovudpersonane kjøpte garden sin utan å ta opp lån, men berre to personar lånte aldri noko, det var Helge Bruland (29) og Rasmus Schei (76). Dei fleste låneopptaka seinare ligg innanfor kjøpesummen på garden, særleg når vi ser at dei er tatt opp med fleire mindre summer over ein lang tidsperiode.

Fire personar hadde ei høg belåningsgrad på eigedomen sin:

Adolf Indrebø (nr. 1) betalte 3700 for garden og lånte til saman 9636 kroner på den. Matias Bruland (33) og Johan Klopstad (43) lånte også meir enn kjøpesummen på garden, men den som lånte mest var Ludvig Haugsvær (nr. 78). Han hadde kjøpte garden for 3600 kroner og lånte til saman 15 260 kroner.

Det ser ut som det gjekk greitt å betale banken attende for dei aller fleste, Ludvig Haugsvær var rett nok ute for ei utpanting til fordel for Førde kommune¹²⁸, truleg for utestående skatt.

¹²⁸ <https://media.digitalarkivet.no/view/11891/457>

Johan Kirketeig (nr. 34) som kjøpte garden utan låneopptak blei slått konkurs i 1926¹²⁹. Det ser ut som årsaka var eit krav på eit par hundre kroner til ein handelsmann. I samband med konkurshandsaminga sa han at han hadde dårleg helse. Sonen hans kjøpte attende garden i 1930.

Samla sett lånte remigrantane 86% av kjøpesummen på gardane sine.

Id	Hp id	Kjøpesum	Lånt i samband med kjøp	Lånt seinare	Sum lån	Tal på lån	Tidsperiode seinare lån	Lån i prosent av kjøpesum
1386	4							
118	9	3 500	2 000	0	2 000	1	1925	57
288	18/79	2 000	2 000	5 600	7 600	8	1883-1927	380
289	18/79	400	0	1 600	1 600	5	1884-1927	400
392	29	3 200	0	0	0	0		0
396	29	5 235	0	5 675	5 675	8	1889-1931	108
458	33	3 600	1 800	6 380	8 180	7	1901-1949	227
739	43	3 200	0	900	900	2	1907-1921	28
1597	76	6 334	4 000	25 000	29 000	8	1911-1948	458
		27 469	9 800	45 155	54 955			

Tabell 21. Søskena sine låneopptak på garden.

Halvparten av søskena kjøpte garden sin utan å ta opp lån. For hovudpersonane var talet åtte av 14¹³⁰. Det var ein person som aldri tok opp lån, dette svarar til 13% av søskena og 14% av hovudpersonane.

Av dei som tok opp lån, er det berre to av søskena som har lånt under kjøpesummen på garden, dei andre ligg relativt høgt. Begge dei to brødrene til Eirik (18) og Oliver (79), Josef (288) og Andreas (289), lånte rundt fire gonger verdien av garden sin. Han som lånte mest var lensmann Peder Skei (1597). 29000 kroner i lån på ein eigedom som han sjølv betalte litt over seks tusen kroner for, er ganske mykje. Totalt lånte søskena kr 54 955 på eigedomar dei betalte 27 469 kroner for, temmeleg nøyaktig det doble. Om eg fjernar nr. 1597 frå reknestykket, blir lånegraden 94% og er fortsatt ein del høgare enn remigrantane.

Sjølvsagt kan dei ha lånt pengar utan at det blei tinglyst på eigedomen deira, men det er ingen grunn til å tru at remigrantane skal ha gjort dette meir enn søskena sine, så tendensen er ganske klar, remigrantane lånte mindre enn søskena sine. Det hadde vore interessant å visst

¹²⁹ <https://media.digitalarkivet.no/view/11909/544>

¹³⁰ Sidan Anders og Nikoline kjøpte garden saman, må deira kjøp og lån reknast som ein person sitt. Nr. 9 kjøpte aldri gard

om desse pengane gjekk til utbetringar på garden, eller om det kunne vere for å hjelpe barna, men det seier kjeldene ingenting om.

3.4 Oppsummering

I dette kapitlet har eg prøvd litt ulike metodar for å sjå korleis det gjekk med remigrantane når dei kom heim. Når eg berre samanlikna storleiken på garden med det foreldra hadde og det dei sjølv fekk, såg det ut som det gjekk marginalt betre med søskena til remigrantane enn dei sjølve. Med Persson sin skattemetode såg det også ut til at søskena gjorde det litt betre, men når eg tok vekk dei ekstreme tilfella, endra biletet seg. Eg har rekna ut arva til personane ut frå skuldmarkverdien på garden, men det kan sjå ut som den kan ha vore svært feil for dei tre sentrumsgardane i undersøkinga. Om eg fjernar dei, ser vi at remigrantane gjorde det svært mykje betre enn søskena sine, og best gjekk det for dei som kjøpte fri husmannsplassane. Utvandringskomiteen si påstand om at gardane til remigrantane var mindre belånt stemmer også med mine tal.

Det er ingen tvil om at tala er små, og at ein liten variasjon kan endre heile resultatet, men tendensen er der.

4 Anna informasjon i kjeldene

Gjennom arbeidet med oppgåva har eg funne ein del informasjon i kjeldene som ikkje høver i kapitla ovanfor. Eg tek med noko av det som eg tenker kan vere relevant for korleis hovudpersonane var og korleis det gjekk med dei her.

4.1 Mål

Kva mål hadde dei? Wyman meinte at dei som tok seg arbeid i industri og liknande i Amerika gjerne gjorde det for å tene raske pengar som dei skulle ta med seg heim. Her er ei oversikt over kva mine hovupersonar gjorde før dei reiste, i Amerika og etter at dei kom heim:

Id	Yrke før utreise (frå emigrantlistene)	Tal på turar	Yrke i Amerika (frå emigrantlister - EL og folketeljing FT)	Etter heimkomst (frå folketeljing)	År i Amerika
1	Ug sergentsson	1	Skogarbeider (FT)	Gardbrukar	7
3	Ugift (det står gardeier)	1	Arbeider i møbelfabrikk (FT)	Gardbrukar	11
4	Ugift gardmandsdatter	1		Gardbrukarhustru	11
9	Ugift gardsarbeider	1	Farmarbeide (FT)	Gardbrukar	0
18	Gift jernbanearbeidar	1	Minearbeider (FT)	Gardbrukar og stenarbeider	7
29	Ugift gardmandsønn	1	Forskjellig arbeide i New York (FT)	Gardbrukar	6
33	Ugift tenestedreng	3	1904: Ugift snekker (EL), 1908: gift snekker (EL), skogshugst og stenarbeide (FT)	Gardbrukar	12
34	Ugift gardmandsønn/gardbrukar	2	Kullarbeider (EL). Det står ikkje i folketeljinga at han var i Amerika	Gardbrukar	Maks 10
43	Gift gardbrukar	1	Skogarbeider (FT)	Gardbrukar	4
62	Ugift gardmandsønn	1	Det står ikkje i folketeljinga at han var i Amerika	Gardbrukar	Maks 5
72	Ugift gardmandsønn	1	Tømmerhogst og sagmøllarbeide (FT)	Gardbrukar	4
75	Ugift gardsarbeider	1	Det står ikkje i folketeljinga at han var i Amerika	Gardbrukar	Maks 6
76	Ugift gardmandsønn	2	EL 1894: Sagbruksarbeider. FT 1910: Gullgraver	Gardbrukar, sjølvveigar	20
78	Ugift seminarists sønn	1	Jordbruksarbeid (FT)	Gardbrukar, kjører og stenarbeider	7
79	Ugift gardmandsønn	1	Minearbeider (FT)	Gardbrukar og snekkar	6
82	Ugift gardsarbeider	1	Arbeider ved sagmølle (FT)	Gardbrukar	4

Tabell 22. Yrke før utreise, i Amerika og etter heimkomst.

Det var nok noko tilfeldig kva yrke dei har oppgitt, både i folketeljinga og i emigrantlistene. Om ein ser på dei som reiser fleire gonger, kan det variere ganske mykje. Mange av desse personane var mange år i Amerika. Dei fleste har hatt harde jobbar i Amerika og få har drive med jordbruk, men likevel var dei der lenge. Berre Johan Kirketeig (34) har svart på spørsmålet i emigrantlistene om kvifor han reiste til Amerika. I 1905 skreiv han at han reiste for å tene pengar. Matias Bruland (33) opplyste i 1904 at han var amerikansk borger, og det same står i folketeljinga for 1910.¹³¹ Tre av desse hadde familie i Amerika. Anders (3) og Nikoline (4) gifta seg der borte og fekk tre barn før dei flytta heim til Førde. Erik Grimeland (18) tok med seg kona og eitt barn til Amerika, der dei fekk to barn til før dei flytta heim. Det er rimeleg å tru at dei som tok med familien og han som fekk statsborgarskap ikkje berre reiste for å tene pengar. Johan Klopstad var gift og hadde barn i Førde når han reiste, så her får vi tru planen var å komme heim. For dei andre er det sjølvsagt vanskeleg å gjette kva dei tenkte, men som tidlegare nemnt fant Standal at gjennomsnittleg tid i Amerika for dei som kom heim, var 3-4 år.¹³² Utanom Andreas Rotenes som berre var borte og snudde, var alle desse personane lenger enn det i Amerika.

Semmingsen har brukt folketeljinga i 1910 til å undersøke kva arbeid norsk-amerikanske menn hadde i Amerika og kva dei hadde når dei kom attende til Norge, og ho fant at i Amerika arbeidde 40% i bergverk og industri og berre ti prosent som gardbrukarar. Når dei kom heim blei tala snudde på hovudet. Då arbeidde 40% som gardbrukarar og 11% i industrien.¹³³ Uansett kva yrke dei hadde i Amerika, ville mange bli gardbrukarar når dei kom

¹³¹ <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01036731002138>

¹³² Standal, side 218

¹³³ Semmingsen, 1950, side 461

heim «og det ser ut til at Amerikareisen ofte hadde skaffet dem det økonomiske grunnlag til å sette en slik beslutning i verk». ¹³⁴

4.2 Reiste barna?

Wyman nemner at nokon av remigrantane hadde så forferdelege opplevingar i Amerika at dei sa dei heller ville ha drukna barna sine enn å la dei emigrere. ¹³⁵ Korleis gjekk det med barna til hovudpersonane?

Id	Emigrerte barna?
1	To av sju born
3	Ein av fem
4	Ein av fem
9	Barnlaus
18	Fire av tolv
29	To av tolv (ein til Canada og ein til USA)
33	Barnlaus
34	Null av elleve
43	To av fem
62	Ein av åtte
72	Null av fire
75	Null av ni
76	To av åtte (ein til Spania, fall i borgerkrigen og ei til USA)
78	Ein av seks
79	Barnlaus
82	Fire av tolv

Tabell 23. Emigrerte barna?

Tre av dei seksten var barnlause, og nr. tre og fire hadde felles barn, så det var tolv barneflokkar, og av dei var det berre tre som ingen emigrerte frå, det var Johan Kirketeig (34), Rasmus Vie (72) og Bendik Rotenes (75) sine barn. Dei tre var i Amerika mellom fire og ti år, og arbeidde som kolarbeidar og på sagsmølle. Det er ingenting som tyder på at dei har hatt eit vanskelegare opphald enn dei andre, så det er vel mest sannsynleg tilfeldigheter kombinert med at i alle fall Johan og Bendik sine barn var fødte seint, dei yngste på slutten av 20-talet og starten av 30-talet. Berre tre av dei nitten som emigrerte var fødte etter 1910, og ein av dei var sonen til Rasmus Schei (nr. 76) som reiste til Spania og fall i borgarkrigen der. Dette

¹³⁴ Semmingsen, 1950, side 461

¹³⁵ Wyman, side 90

stemmer bra med at emigrasjonen til Amerika avtok etter 1920, og er nok ei meir truleg forklaring enn at fedrene nekta dei å reise.

4.3 Anna informasjon

Kven var desse personane? Eg ynskte å sjå om det var mogleg å finne meir informasjon om dei i lokalavisa og andre skriftlege kjelder, så eg har søkt på Nasjonalbiblioteket på namna deira.

4.3.1 Politiske verv

Erik Grimeland (18) blei føreslått som suppleant til nytt herredsstyre i 1910,¹³⁶men det ser ikkje ut som han blei valt inn. Både Johan Klopstad (43), Nils Ramstad (62), Bendik Rotenes (75) og Ludvig Haugsvær (78) var med i Førde likningsnemnd. Bendik var også med på å starte Bondesamsalet¹³⁷ i Førde¹³⁸ og Ludvig Haugsvær hadde fleire verv i Førde arbeidar- og småbrukarlag. I 1919 sto Oliver (nr. 79) på ei liste som «avholdsfolk og avholdsinteresserte i Førde bør samle seg om til kommunevalget»¹³⁹Nokre dagar seinare sto han på ei liste under overskrifta Folkepartiet, der fanesakene var «like ret for alle samfundsborgere...intet magtmisbruk»¹⁴⁰Han blei ikkje valt inn, men blei føreslått som vara.¹⁴¹I 1922 blei han valt som vara til kretssjukekassen.¹⁴²

4.3.2 Dyreskue

Fleire av dei fekk premie på dyreutstillingar og dyreskue. Anders Indrebø (3) fekk for ein sau, Erik Grimeland (18) for eit føll og Rasmus Vie (72) for storfe i tillegg til ein bevaringspremie i ei kvegutstilling.

4.3.3 I avisa

Verken lokalavisa eller andre kjelder har skrive noko om historiene til remigrantane.

I nekrologen til både Nikoline og Anders Indrebø er det nemnt at dei var mange år i Amerika.

¹³⁶ Nordre Bergenshus Amtstidende 22.10.1910

¹³⁷ Samyrkeorganisasjon for bøndene

¹³⁸ Firda 05.04.1919

¹³⁹ Firda 03.09.1919

¹⁴⁰ Firda 13.09.1919

¹⁴¹ Firda 25.10.1919

¹⁴² Firda 09.12.1922

«Ein av dei eldste i Førde, Anders Indrebø, døydde torsdag. Han vart umlag 87 år gamal. Med Anders Indrebø er ein av desse gamle trugne og strevsame slitarane burte. Han var ein av desse som den gamle tid var rikare på enn vår. – Både Anders og kona Nikoline drog til Amerika då dei var unge. Eldste borni deira var fødde der burte. Då dei kom heimatt, kjøpte dei seg eit lite bruk på Indrebø og arbeidde dette godt fram...Anders Indrebø heldt seg lenge ung og var uvanleg lett på foten. Som arbeidsmann var han flink og påpasseleg.»¹⁴³

Firda 10.11.1928 side 2: A.O. Aasen fyrer laust mot ein mann som heiter Kvamme som har oppført seg dårleg mot underteikna og Nils Ramstad på Bondelaget sitt nominasjonsmøte. *«Av Nils Ramstad har jeg og De adskillig aa lære, og denne lære vil i første rekke fjerne det man kalder «Stormandsgalskap.» Det står også at «Nils Ramstad har den uttalelse fra ligningsnævnens 3 siste formenn at han var en av nevndens beste menn, samvittighetsfuld og ærlig.»*

I Sogebled for Førde kommune henta dei fram gamle nyhende frå Firda og 6. oktober 1945 sto det: *«På Furebø, Angedalen, hadde dei fredsmarsj her om dagen. 81 vaksne var med, og mellom dei Oliver Grimeland som er fødd 8. februar 1859. Han greidde si halve mil på 40 minutt. Det er godt gjort av ein 86 ½ åring.»¹⁴⁴* Her må eg legge til at dette er godt gjort for nokon kvar!

¹⁴³ Firda 22.11.1938

¹⁴⁴ Sogebled for Førde kommune 2005

5 Konklusjonar

I innleiinga stilte eg fire spørsmål, som eg vil svare på her:

Fekk remigrantane eit nytt nettverk som skilte seg frå søskena sitt? Svaret på det er nei.

Remigrantane og søskena ser ut til å halde seg med same gruppene personar, slekt og naboar. Eg ser ingen teikn til at dei begynte å halde seg med folk frå ei høgare sosial klasse enn det søskena gjorde.

Var dei meir populære som fadrar enn søskena sine? Ja, det var dei, både som fadrar og forlovarar. Remigrantane blei oftare valde som både fadder og forlovar enn søskena sine, men berre for folk dei kjente godt frå før. Ein av dei tre som ikkje sa han hadde vore i Amerika, blei aldri brukt som fadder i perioden. Dei to andre hadde minst like mange fadderskap som dei andre remigrantane.

For å få meir kunnskap om dåpspraksisen i Førde sokn kunne eg ha sjekka NEG-spørjeskjema¹⁴⁵ for Førde. Der ville eg ha fått meir kunnskap om lokale tilhøve, og kanskje kunne funne ei forklaring på kvifor praksisen for innføring i klokkeboka endra seg i 1920.

Fekk remigrantane ein positiv sosial mobilitet? Ja, dei gjorde det, sjølv om tala ikkje er så klare her, som når det gjeld fadderskap og vi må også hugse at Modalsli fant at det var ein positiv sosial mobilitet generelt på denne tida. Ut frå Magnus Persson sin skattemetode gjekk det ein del betre med remigrantane enn med søskena. Gardane til remigrantane var også mindre belånt enn søskena sine. Eg ser ingen forskjell på den sosiale mobiliteten til dei remigrantane som opplyste i folketeljinga at dei hadde vore i Amerika og dei tre som ikkje gjorde det.

I ettertid ser eg at det var ein god del ting eg kunne gjort betre i denne delen av oppgåva. Særleg for sentrumsgardane og gardar der det var komne til nye inntektskjelder etter at matrikkelen var ferdig, burde eg ha hatt skatteverdien på gardane i staden for å bruke matrikkelen. Tanken om at eg kunne ha sjekka mobiliteten til ektepara kom så seint i oppgåva, at eg ikkje rakk gjere det, men eg trur dette ville ha gitt eit rettare bilete av situasjonen enn å berre ta med gardbrukaren si arv. Dette ville også løyst problemet om korleis ein kunne undersøke mobiliteten til kvinnene.

¹⁴⁵ Norsk etnologisk gransking: <https://norskfolkemuseum.no/om-neg>

Folketeljinga for 1920 blir gjort tilgjengeleg om vel eit år, og i den kan ein mellom anna finne mykje informasjon om butilhøva til folk. Kanskje kan ein finne døme på at remigrantane overførte skikkar frå Amerika til Norge? Eg tenker då på byggeskikkar eller at dei kunne ha betre hus med tanke på hygiene og reinslegheit.

Har eg funne direkte framsteg eller resultat som skriv seg frå remigrantar? Nei, eg har ikkje funne noko som eg med sikkerheit kan seie har skjedd fordi dei var i Amerika. 10. mai 1919 sto det ei oppfordring i lokalavisa Firda frå presten Brigte Hope om å ta i mot tyske barn til eit to månaders sommaropphald eller gje pengebidrag. *«Her spørres ikkje om kven der har begyndt krigen eller hvem der har ført den mest grusomt, ...Her spørres bare: Skal de smaa skyldløse barn og deres mødre lide længer.»*¹⁴⁶ Ein måned seinare står det ei liste i Firda over fjorten personar som har sagt seg villige til å ta i mot tyske barn¹⁴⁷. Av desse er det to remigrantar, Matias Bruland og Johan Klopstad. At to av dei seksten remigrantane var villige til å ta i mot tyske barn, kan tyde på at dei hadde ei opnare haldning enn mange bufaste, men det kan også vere tilfeldig. Mange av remigrantane var med i likningsnemnda, og ganske mange fekk premie på dyreutstillingar, men om det har noko med Amerikaopphaldet kan vi ikkje vite.

Å studere eit utval remigrantar frå eit mikroperspektiv, er ikkje enkelt, fordi det vi kan finne i kjeldene berre er små fragment om korleis dei var og kva dei gjorde. «Vanlege folk» gjer lite ut av seg i historiske kjelder.

Det var færre kvinner enn menn som kom attende frå Amerika, og om forkinga på remigrantane generelt har vore mangelfull, så har den vore endå meir mangelfull når det gjeld kvinner. Her er også eg skuldig. På grunn av at eg har basert meg på «harde» fakta som finst i skriftlege kjelder, har det vore veldig lite å finne om kvinnene som sjeldan kjøpte gardar eller lånte pengar. Hos Mark Wyman er kvinnene «dependants», eller «womenfolk safely at home in the old country» og Ragnar Standal har heller ikkje teke for seg kvinner spesielt. Det må finnast ei historie her som nokon burde fortelje. Eg trur nok ikkje ein kan granske eit utval på ein liten stad som Førde, men utanom dei kjende kvinnene, som Aasta Hansteen, som remigrerte, må det finnast andre, meir «vanlege» kvinner som har sett spor etter seg.

¹⁴⁶ Firda 10.05.1919

¹⁴⁷ Firda 12.06.1919

Oppgåva heiter «Brautande skrytepavar eller redningsmenn for bygdene?», og svaret på det er nei til begge deler. Ut frå det som er skrive om Anders Indrebø og Nils Ramstad er det ingenting som tydar på at dei var verken brautande eller skrytepavar, snarare tvert om. Det er heller ingenting som tyder på at nokon av dei andre gjorde særleg mykje ut av seg. Kvar for seg redda dei heller ikkje bygdene, men vi veit dessverre ingenting om kva kunnskapar dei hadde med seg heim som kom førdianarane til gode. At dei skal ha vore mange år i Amerika med ein annan kultur og eit anna språk, utan å bere preg av det, er nærmast heilt utenkeleg. Truleg var det for det meste heime hos dei sjølv og hos den næraste familien påverkinga skjedde.

6 Litteratur og kjelder

6.1 Trykte kjelder

6.1.1 Bøker

Amundsen, A. (1989). *Folkelig og kirkelig tradisjon. Dåpsforståelser i Noreg særlig på 1800-tallet*. Oslo: Solum Forlag.

Castles, S. and Miller, M. (1998). *The Age of Migration. International population movements in the modern world*. Houndmills, Basingstoke, Hampshire og London: Macmillan press ltd.

Djupedal, T. (1998) *Førde. Kulturhistorisk vegvisar*. Førde: Selja forlag og Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane.

Hestetun, B., Husum J., Aas S. (År manglar). *Frå Holmedal til Hafslø. Hafslø Hustellfagskule 100 år*. Sogndal. Side 13.

Hodne, B., Hodne, Ø., Grambo, R. (1985). *Der sto seg et bryllup. Ekteskapet i Norge gjennom tidene*. Oslo: J.W Cappelens forlag.

Persson, M. (2007). *Coming full circle. Return migration and the dynamics of social mobility on the Bjäre peninsula 1860-1930*. Lund: Sisyfos forlag,

Semmingen, I. (1944). *Utvandringen til Amerika*. Oslo: J.W. Cappelens forlag.

Semmingsen, I. (1950). *Veien mot Vest. Annen del. Utvandringen fra Norge 1865-1915*. Oslo: H. Aschehoug & co. (W. Nygaard).

Semmingsen, I. (1978). *Norway to America: A history of the Migration*. University of Minnesota press.

Førde sogenemnd. (2005). Sogebland for Førde kommune.

Standal, R. (1985). *Mot nye heimland. Utvandringa frå Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta*. Utvandrarnemnda, bygdeboknemndene Ørsta kommune.

Utvandringskomiteen. (1915). *III Om foranstaltninger til at lette nordmænd at flytte hjem til Norge*. Kristiania: Arbeidernes Aktietrykkeri.

Wyman, M. (2010). *Round-trip to America. The immigrants return to Europe, 1880-1930*. Ithaca og London: Cornell university press.

Østrem, N. (2014). *Norsk utvandringshistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.

6.1.2 Artiklar

Dackling, M. (2010). *Från arvejord till släktklenod - jord och släkt i Sverige under hundra år*. Göteborgs universitet. <https://gupea.ub.gu.se/handle/2077/24936>

Døssland, A. (2014). *Kulturkløft og fadderskap i Hosanger på 1700- og 1800-talet*. Heimen 03/2014.

Gerdrup, K. (1998). *Skattesystem og skattestatistikk i et historisk perspektiv*. Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199806.pdf

Hodne, Ø. (1979). *Fadderskapet og dets funksjoner i norsk folketradisjon*. Heimen 1, 1979 XVIII 3-22

Kjelland, A. (2010). *Fadderskap som sosial relasjon. Forskningsstatus, kjelder og metode*. Høgskulen i Volda. <https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/handle/11250/154110>

Kjelland, A. (2018). *Mapping and analysing remigration based upon Norwegian farm- and genealogical history projects*. Journal of Migration History.

Kvale, A (1998). Sersjanten som bygde store fjøsar og løer. I Tyssen, A (red). *Jul i Sunnfjord 1998*. Side 30-31. Sunnfjord sogelag.

Modalsli, J. (2011). *Intergenerational mobility in Norway 1865-2011*. Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/en/forskning/discussion-papers/_attachment/217929?_ts=14b72db88c8

Norseng, P. (2017). *Fridom, likskap og odelsrett? – Om odels- og åsetesretten i norsk historie I: Hans Sevatdal, Per Kåre Sky og Erling Berge (red.): Eigedomshistorie. Hovudliner i norsk eigedomshistorie frå 1600-talet fram mot nåtida*. Universitetsforlaget 2017

6.1.3 Avisartiklar

Firda. 05.04.1919. Bondesamsalet.

Firda 10.05.1919. Hjælp til tyske barn.

Firda 12.06.1919. Tyske barn.

Firda 03.09.1919. Avholdsfolk.

Firda 13.09.1919. Fritt ordskifte. Kommunevalget.

Firda 25.10.1919. Varamannsvalet.

Firda 22.05.1920. Fisk billigst hos Mathias Bruland.

Firda 25.03.1922. Førde herredsstyre.

Firda 09.12.1922. Heradsstyret.

Firda 10.11.1928.

Firda 26.08.1938. Førde skattelikning.

Firda 22.11.1938.

Firda 29.06.1940.

Nordre Bergenhus Amtstidende. 22.10.1910. Kommunevalget i Førde.

6.1.4 Andre publikasjonar

Digitalarkivet:

Emigrasjonslister

Folketeljningar

Kyrkjebøker

Pantebøker

Statistisk årbok for kongeriket Norge. (1880-1950). Det statistiske centralbyraa.

Utvandringsstatistikk. Norges offisielle statistikk VII.25. Departementet for sociale saker.

1921. Henta frå https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_025.pdf

6.2 Trykte kjelder

Førsund, F. (1990). *Førde bygdebok band 1*. Førde kommune.

Førsund, F. (1992). *Førde bygdebok band 2*. Førde kommune.

Lensmannen i Førde 6.1. Dødsfallsprotokoll 1894-1924.

Norges matrikel, matrikulerede eiendomme og deres skyld den 1. oktober 1906. Nordre Bergenhus amt. Finans- og tolddepartementet. 1907

6.3 Ikkje trykte kjelder

Arkivverket. Kirkebokføring. Henta frå

<https://www.arkivverket.no/slektsgranskning/kirkebokforing>

Cappelen Damm. Mangfold. Sosial mobilitet. (u.å) Henta frå:

<https://mangfold.cappelendamm.no/vgsamf/tekst.html?tid=1004349>

Digitalarkivet. Eigedom og tinglysing. Henta frå

<https://digitalarkivet.no/content/111/eigedom-og-tinglysing>. Besøkt 03.03.2019

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (2018). Sportsjournalar frå Bruland. Henta frå:

<https://www.fylkesarkivet.no/sports-journalar-fraa-bruland.6085887-377713.html>

Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane. Hafstad Hotell. Henta frå

<https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/artiklar-sortert-pa-kommune/forde/hafstad-hotell/1899/75846/> besøkt 30.10.2019

Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane. Sivertsens hotell. Henta frå

<https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/artiklar-sortert-pa-kommune/forde/sivertsens-hotell-i-forde/1899/75830/> besøkt 30.10.2019

Lokalhistoriewiki.no. Folketellingen 1910. Henta frå

https://lokalhistoriewiki.no/Folketellingen_1910. Besøkt 11.03.2019.

Lokalhistoriewiki.no. Matrikkelen 1886. Henta frå

https://lokalhistoriewiki.no/Matrikkelen_1886. Besøkt 03.03.2019

Lokalhistoriewiki.no. Mikrohistorie. Henta frå <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Mikrohistorie>.

Besøkt 15.11.2019

Lokalhistoriewiki.no. Navneloven. Henta frå <https://lokalhistoriewiki.no/navneloven>. Besøkt 11.03.2019.

Store norske leksikon. Matrikkelskyld. <https://snl.no/matrikkelskyld>. Besøkt 26.10.2019

Regjeringen.Odel.(2018). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/landbrukseiendommer/innsikt/odel/id2482549/> besøkt 26.10.2019.

Riksarkivet. (u.å). Husforhøret. Henta frå <https://riksarkivet.se/husforhoret>